


Therese Karoline Holsen

# Kva forhold kan vere med på å fremja miljøengasjement?

Livshistoriar gjennom kvalitative intervju



**Universitetet i Sørøst-Noreg**

Fakultet for helse- og sosialvitskap

Institutt for helse-, sosial- og velferdsfag

Postboks 4

3199 Borre

<http://www.usn.no>

© 2024 Therese Karoline Holsen

Denne avhandlinga utgjer 30 studiepoeng

Tal ord: 21 821

# Samandrag

**Bakgrunn:** Menneskeleg aktivitet har fleire skadelege konsekvensar for planetarisk helse, gjennom dette vert og menneskeleg helse påverka. Sjølv om auka kunnskap og bekymring for miljøet er viktig, er det behov for ei djupare forståing av korleis miljøengasjement kan fremja berekraftige handlingar på både individ- og samfunnsnivå for å motverka desse negative trendane.

**Føremål:** Denne studia si hensikt er å gje forståing av ulike forhold som kan fremje miljøengasjement. Gjennom livshistorier frå miljøengasjerte menneske er det ønska å fange opp forhold som kan verke positivt inn på miljøengasjement og å gje auka forståing av korleis miljøengasjement utviklast over tid.

Problemstillinga for studia er:

*«Kva forhold kan vere med på å fremja miljøengasjement?»*

Følgjande spesifikke forskingsspørsmål er stilt for å belyse denne:

- Er det spesifikke erfaringar eller opplevingar i livet som opplevast viktige for utviklinga av engasjementet deira?
- Korleis har engasjementet endra seg i gjennom livsløpet?
- Korleis opplev dei sitt engasjementet i dag?
- Kva verdiar kan identifiserast eller vert trekt fram som fremmarar eller eventuelle hemmarar for engasjementet?
- Kva opplevast som viktige faktorar for å handle miljøvennleg?

**Metode:** For å belyse problemstillinga vart kvalitative livshistorieintervju vald i tråd med ei narrativ tilnærming. Utvalet bestod av fire kvinner og ein mann i alderen 33 til 64 år som er miljøengasjerte. I analysa av datamaterialet vart ei narrativ tematisk analyse anvend.

**Funn:** Utviklinga av engasjementet har variert i gjennom ulike fasar. Vendepunkt som det å få born eller å flytte heimanfrå samanfall for fleire av intervjupersonane med endring i engasjement. Opplevd sosial støtte i nære relasjonar, sosialt fellesskap, naturopplevingar, å sjå verdien av naturen, å bry seg om andre, det å vere bevisst utfordringar og sitt eige ansvar er

forhold som intervjupersonane fortel at har fremja deira engasjement. Å søkje å handle miljøvennleg der det er mogeleg er beskrive som viktig.

**Konklusjon:** Utviklinga av miljøengasjement er ein prosess som skjer over tid og som kan variere i ulike livsfasar. For at menneske skal utvikle miljøengasjement vil det kunne vere nyttig å legge til rette for forhold som oppmuntrar til utvikling av engasjement frå individ-, gruppe- og samfunnsnivå. For å fremje miljø som viktig kan det vere viktig å ta omsut til at utvikling av engasjement skjer over tid og kan begynne i barndommen. Strukturar på systemnivå opplevast av intervjupersonane som ei barriere for å handle. Dette kan tyde at på ein kan legge til rette for å fremje miljøengasjement i større grad enn kva det vert gjort i dag om desse strukturane endrast.

**Nøkkelord:** Miljøengasjement, planetarisk helse, livshistorier, vendepunkt, motivasjon, meistring, naturopplevingar, verdiar, miljøvennlege haldningar, miljøvennleg åtferd.

# Abstract

**Background:** Human activity has several harmful consequences for planetary health, which in turn affects human health. Although increased knowledge and concern for the environment are important, there is a need for a deeper understanding of how environmental engagement can promote sustainable actions at both individual and societal levels to counteract these negative trends.

**Purpose:** The purpose of this study is to provide understanding about various conditions that can promote environmental engagement. Through life stories from environmentally engaged individuals, it is desired to capture conditions that may positively influence environmental engagement and to enhance understanding of how environmental engagement develops over time.

The research question for the study is:

*"What conditions can help promote environmental engagement?"*

The following specific research questions have been posed to illuminate this:

- Are there specific experiences or events in life that are perceived as important for the development of their engagement?
- How has engagement changed throughout the life course?
- How do they perceive their engagement today?
- What values can be identified or highlighted as promoters or potential inhibitors of engagement?
- What are perceived as important factors for acting pro-environmental?

**Method:** To answer the research questions, qualitative life history interviews were chosen in line with a narrative approach. The sample consisted of four women and one man, they were between the ages of 33 to 64 years old, and they all had an engagement for the environment. A narrative thematic analysis was used in the analysis of the data material.

**Findings:** The development of engagement has varied through different phases. Turning points such as having children or moving away from home coincide in some cases with changes in engagement. Perceived social support in close relationships, social community,

experiences with nature, seeing the value of nature, caring about others, being aware of challenges and one's own responsibility are conditions that the interviewees say has positive impact on their engagement. Seeking to act environmentally friendly where it is possible is described as important.

**Conclusion:** The development of environmental engagement is a process that takes place over time and can vary in different phases of life. To enable people to develop environmental engagement, it may be useful to facilitate conditions that encourage the development of engagement at the individual, group, and community levels. To promote the importance of the environment, it might be essential to take into consideration that the development of engagement happens over time and can begin in childhood. Structures at the system level are perceived by the informants as a barrier to action. This may suggest that environmental engagement could be promoted to a greater extent than what it is currently if these structures were to change in the future.

**Keywords:** Environmental engagement, planetary health, life stories, turning points, motivation, self-efficacy, experiences with nature, values, pro-environmental attitudes, pro-environmental behavior.

# Innhold

<b>Samandrag</b>	<b>2</b>
<b>Abstract</b>	<b>4</b>
<b>Innhold</b>	<b>6</b>
<b>Forord</b>	<b>9</b>
<b>1 Innleiing</b>	<b>10</b>
1.1 Problemstilling og forskingsspørsmål	11
1.2 Disposisjon	11
<b>2 Bakgrunn</b>	<b>12</b>
2.1 Interne faktorar	12
2.1.1 Kunnskap og bekymring	12
2.1.2 Naturopplevingar gjennom livet	13
2.1.3 Haldningar	14
2.1.4 Mestringstru	15
2.1.5 Verdier og kjensler	15
2.2 Eksterne faktorar	16
2.3 Demografiske faktorar	17
2.4 Teoretiske forklaringsmodellar anvende på emnet	17
2.5 Konklusjon	18
<b>3 Teori og kunnskapsteoretisk rammeverk</b>	<b>20</b>
3.1 Teoriar og modellar som kan forklare miljøengasjement	20
3.1.1 Teorien om planlagt åtferd	20
3.1.2 Verdi-tru-norm teori	21

3.1.3	Modell for miljøvennleg åtferd	23
<b>4</b>	<b>Metode</b>	<b>26</b>
4.1	Metodeval	26
4.2	Førebuing og utval	26
4.2.1	Førebuing	26
4.2.2	Utvalsstrategi	27
4.2.3	Rekruttering	27
4.2.4	Deltakarar	28
4.3	Datainnsamling	28
4.4	Ei narrativ tilnærming	29
4.4.1	Tankegodset bak ei narrativ tilnærming	29
4.4.2	Det narrative intervjuet	29
4.4.3	Analyse i narrativ tilnærming	29
4.5	Narrativ tematisk analyse	31
4.6	Etiske aspekt	31
<b>5</b>	<b>Resultat</b>	<b>33</b>
5.1	Intervjupersonane si bakgrunn	33
5.2	Fasar og vendepunkt	33
5.3	Sosialt fellesskap	37
5.3.1	Sosial støtte i nære relasjonar	37
5.3.2	Det større sosiale fellesskapet	38
5.4	Kvifor kjennest det viktig å bry seg om miljøet?	39
5.4.1	Verdien av naturen	39
5.4.2	Kunnskap og bevisstheit	41



5.4.3	Ansvar	42
5.4.4	Måtehald	43
5.5	Praktisk miljøhandling – eigne moglegheiter	43
5.5.1	Sjå verdien av det ein har	43
5.5.2	Å ta personleg ansvar og gjere det ein sjølv kan	44
5.5.3	Eigne mogelegheiter for å skapa endring	45
5.6	Samfunnsansvar - strukturelle forhold som påverkar engasjement	46
5.6.1	Miljøet opplevast som nedprioritert	46
5.6.2	Negative kjensler knytt til manglande handling, og opplevinga av å stå aleine	47
5.7	Framtida	48
<b>6</b>	<b>Drøfting</b>	<b>50</b>
6.1	Spesifikke erfaringar eller opplevingar i livet som har vore viktige for engasjementet	50
6.2	Korleis engasjementet har endra seg gjennom livsløpet	52
6.2.1	Opplevinga av eige engasjement i dag	55
6.3	Faktorar som opplevast som viktige for å handle miljøvennleg	57
6.3.1	Verdiar som viktige for å bry seg om miljøet	57
6.3.2	Fleire interne faktorar	59
6.3.3	Eksterne faktorar	63
<b>7</b>	<b>Avslutning</b>	<b>66</b>
<b>8</b>	<b>Litteraturliste</b>	<b>68</b>
	<b>Vedlegg</b>	<b>74</b>

# Forord

To år som heiltidsstudent hjå Universitetet i Sørøst-Noreg har gjenge alt for raskt, nå avsluttast det heile med denne masteroppgåva om miljøengasjement. Denne oppgåva hadde aldri kome til utan intervjupersonane som melde seg og sa seg villige til å delta i prosjektet, desse fortentar ei stor takk for å ha delt av si tid og sine livshistoriar. Intervjupersonane sine forteljingar har vore inspirerande og drivaren bak arbeidet med dette prosjektet.

Det er og fleire andre som har vore viktige i denne prosessen. Eg vil takke rettleiar Anne Inga Hilsen for oppmuntring og tru på masterprosjektet. Dei små kollokviegruppene med flotte medstudentar eg har hatt det siste halvåret har gjort arbeidet meir meiningsfullt og eg set stor pris på all oppmuntring og støtte som de har gåve meg.

Eg er heldig å ha ein familie og sambuar som har teke seg tid til å støtte meg i prosessen med oppgåveskrivinga og oppmuntra meg på vegen. Takk for at dykk er min heia-gjeng. Takk til min firbeinte venn Shaco som har sørgja for at eg har fenge pustepausar frå skriveprosessen ute i naturen, mange refleksjonar er gjort ute på tur i lag med deg.

Mai 2024

Therese Karoline Holsen

# 1 Innleiing

Dei foreinte nasjonar (FN) anslår at menneskeleg aktivitet har forvandla tre fjerdedelar av verdas land, og som ei direkte konsekvens av dette står no ein million artar ovanfor trusselen om utrydding i løpet av dette hundreåret (FN-sambandet, 2024). Denne utviklinga er framleis negativ, også i Noreg. Det raske artstapet vi opplev i dag kan potensielt føre til kollaps av økosystema (Tvedt, 2019). Vi delar planeten med dyr og plantar, og vi er alle avhengige av dei naturlege systema vi har rundt oss. Menneskeskapte miljøendringar kan endre livsgrunnlaget vårt og påverke forhold som er grunnleggande for at vi skal kunne leve gode liv. For menneskeleg helse lyt fleire fundamentale faktorar vere til stades fastslår Ottowacharteret frå 1986, slike faktorar inkluderar fred, husly, utdanning, mat, inntekt, eit stabilt økosystem og berekraftige ressursar, sosial rettferd og rettferdig fordeling av godar (World Health Organization, 1986).

For å kunne fremje menneskeleg helse er det difor viktig å anerkjenne at menneske si helse og naturen sin tilstand er uløysleg knytt saman (Nutbeam & Muscat, 2001). Denne erkjenninga har i det helsefremjande arbeidet kulminert i konseptet «planetary health», som understrekar at menneske si helse og den menneskelege sivilisasjonen er avhengig av ei klok forvaltning av dei naturlege systema (Nutbeam & Muscat, 2001). Dette konseptet er i tråd med FN sine berekraftsmål, som gjev retning for korleis vi kan takle globale problem på ei heilskapleg måte (Nutbeam & Muscat, 2001). Til tross for aukande kunnskap og bekymring for miljøet, er dette aleine ikkje nok til å fremja miljøvennlege handling (Saari et al., 2021).

For redusere dei negative innverknadane menneske har på miljøet og fremje menneskeleg helse kan miljøengasjement spele ei nøkkelrolle. Individ som er miljøengasjerte har ei intensjon om å redusere negative innverknadar, eller auke positiv innverknad, på miljøet gjennom handlingar på både individ- og samfunnsnivå (Steg & Vlek, 2009). I denne studia vart det gjennomført kvalitative livshistorieintervju med miljøengasjerte menneske for å belyse kva forhold som kan vere med å fremja miljøengasjement. Å studere liva til menneske med miljøengasjement kan gje oss verdifull kunnskap som kan støtte opp under framtidige intervensjonar for å fremje miljøvennlegheit (Hards, 2012). Barrierane som individ møter kan

og gjelde for andre som ikkje har det same engasjementet, og ein kan dra lærdom frå korleis menneske som handlar miljøvennleg overkom desse barrierane (Hards, 2012).

## 1.1 Problemstilling og forskingsspørsmål

Ei brei problemstilling vart vald for å kunne utforske dei ulike forholda i menneske sine liv som kan vere med å fremje miljøengasjement:

### **Kva forhold kan vere med på å fremja miljøengasjement?**

I denne oppgåva søkjer eg å belyse denne problemstillinga ved hjelp av følgande forskingsspørsmål:

- 1. Er det spesifikke erfaringar eller opplevingar i livet som opplevast viktige for utviklinga av engasjementet deira?*
- 2. Korleis har engasjementet endra seg i gjennom livsløpet?*
- 3. Korleis opplev dei sitt engasjementet i dag?*
- 4. Kva verdier kan identifiserast eller vert trekt fram som fremmarar eller eventuelle hemmarar for engasjementet?*
- 5. Kva opplevast som viktige faktorar for å handle miljøvennleg?*

## 1.2 Disposisjon

I kapittel 2 vert det gåve eit innblikk i tidlegare forskning gjort på miljøengasjement. I kapittel 3 presenterast utvald relevant teori. I kapittel 4 vert metoden, den analytiske prosessen samt etiske aspekt knytt til studia beskrive. Funna i studia kjem fram i kapittel 5 og i kapittel 6 vert desse drøfta opp mot teori og tidlegare forskning. I kapittel 7 er avslutninga presentert.

## 2 Bakgrunn

Blant faktorar som kan fremje miljøvennlege åtferd er interne og eksterne faktorar to viktige krefter, demografiske forhold er og peika på å ha innverknad (Grilli & Curtis, 2021; Kollmus & Agyeman, 2002; Li et al, 2019). Interne faktorar omhandlar menneske si overtidding, verdiar, haldningar, kjensler, motivasjon, bevisstheit, ansvarskjensle og meistringstru (Grilli & Curtis, 2021; Kollmus & Agyeman, 2002). Li et al. (2019) skriv at eit stort tal studiar finn at desse faktorane gjev meir forståing av mekanismane som ligg til grunn i miljøvennleg åtferd samanlikna med demografiske og andre eksterne faktorar. Dei peikar derimot at det manglar djupare forståing av dei bakanforliggande faktorane som verkar inn på miljøvennleg åtferd og at tidlegare forskning manglar ei heilskapleg forståing av korleis ulike innverknadsvariablar påverkar kvarandre, korleis det skjer og kva innverknad det vil ha. Dei fann vidare at dei fleste studiar ser på ulike individuelle interne faktorar kvar for seg som variablar for å forstå miljøvennleg åtferd og dei stiller spørsmål om dette kan leie til danninga av ein «svart boks»; om forskarar kunn ser på desse faktorane isolert, utan å forstå korleis dei samhandlar med kvarandre eller andre faktorar, kan det redusere relevansen og nytteverdien av forskinga.

### 2.1 Interne faktorar

#### 2.1.1 Kunnskap og bekymring

Ei undersøking frå CICERO sin rapport frå 2019 viste til at eit stort fleirtal av den norske befolkninga oppgav ei meiner at klimaendringane er reelle, at dei gjev negative konsekvensar, og at menneske sine aktivitetar påverkar desse (Aasen et al., 2019). Ei rapport frå Norsk medborgerpanel (Gregersen, 2023) viser at 47% oppgav bekymring for klimaendringane. Klimabekymring verkar direkte inn og støttar opp under miljøvennleg handling, men den kan også ha skadeleg innverknad indirekte på miljøvennlege handlingar gjennom øko-paralyse, då vil menneske unngå all form for involvering i å handle miljøvennleg (Innocenti et al., 2023). Leviston et al. (2024) fann at menneske ofte vurderer andre sitt miljøengasjement som lågare enn kva det er grunn til. Dei fann vidare at menneske som undervurderer andre sitt engasjement hadde generelt lågare miljøvennleg åtferd enn dei som overvurderte andre sitt engasjement. Auka nivå av miljøkunnskap og oppfatta miljørisiko påverkar miljøbekymring, og miljøbekymring har

samanheng med berekraftig åtferd, men miljøbekymringar aleine ikkje er nok til å fremje miljøhandlingar (Saari et al., 2021). Å få kunnskap om naturen sine gode innverknadar for eigne liv kan og vere med på å fremja miljøvennlege val og handlingar (Rosa & Collado, 2019).

### 2.1.2 Naturopplevingar gjennom livet

Opplevingar i natur i oppvekst, samt som vaksen, er vist å vere ein sær s viktige fremjar for miljøengasjement (Chawla, 1998; Collado et al., 2017; DeVille et al., 2021; Hahn, 2021; Rosa & Collado, 2019; Wells & Lekies, 2006). Chawla (1998) intervjuar miljøforkjemparar i USA og Noreg om erfaringane deira, gjennomgjekk tidlegare forskning, og undersøkte kva faktorar som påverkar menneske si miljøsensitivitet (Kollmus & Agyeman, 2002). Miljøsensitivitet er ei tilbøyelegheit til å vise interesse for å lære om miljøet, kjenne bekymring for det, og handla for å bevara det basert på formande erfaringar (Kollmus & Agyeman, 2002). Chawla (1998) fann at enkelterfaringar aleine er ikkje nok til å sensitivere bevisstheit hjå menneske, men ei kombinasjon av ulike faktorar spelar inn. Barndomserfaringar i natur er den største, men også det å ha opplevd miljøødeleggingar, miljøvennlege haldningar i familien, miljøvennlege organisasjonar, rollemodellar (venar eller lærarar) og utdanning er med å ha ei innverknad. I barndommen var faktorane med størst innverknad erfaringar med naturlege område og familien. I ungdomstid og som ung vaksen var utdanning og vener mest framtrdande. Vidare var det i vaksen alder miljøvennlege organisasjonar som vart funne å ha mest innverknad.

Opplevingane som folk hugsar som betydningsfulle for å motivera omsuta og bekymringa dei har for den naturlege verda, er kjenneteikna av utvekslingar mellom eit ytre og indre miljø (Chawla, 1998). Det ytre miljøet er samansett av kvalitetar hjå dei fysiske omgjevnadane, og sosiale formidlarar av meiningsfullheita av den fysiske verda. Det indre miljøet består av barnet sine behov, evner, kjensler og interesser. Det at betydningsfulle livserfaringar er ei interaksjon mellom kvalitetar av den fysiske verda, sosiale formidlarar og det responderande barnet tyder på at miljøsensitivitet kan endrast når menneske, stader og kulturelle forståingar endrast (Chawla, 1998).

Wells og Lekies (2006) gjorde og narrative intervju med vaksne om deira miljøvennlege haldningar og opplevingar knytt til natur i oppvekst, dei beskriv at tidleg eksponering for

natur kan leie til at menneske vert miljøengasjerte som vaksne. Vidare kan leik aleine i naturen, utan krav eller distraksjonar av andre, kan vere kritisk for å utvikle miljøengasjement. Dei seier at når born får involvere og interessere seg i den naturlege verda frå ei ung alder, er det sannsynleg at opplevinga vil bli hjå dei på eit kraftfullt sett og forme deira forhold til miljøet. DeVille et al. (2021) fann at det basert på tidlegare forskning er betydeleg bevis som indikerer at total tid brukt i naturen leiar til at menneske opplev auke i verdien for tilknytninga til naturen, og i neste omgang større miljøvennlege haldningar og åtferd. Ei utfordring dei peikar på er at denne litteraturen stort sett er basert på tverrsnittstudiar. Dei beskriv at det er eit behov for fleire longitudinelle studiar, som og tek omsut til personlege og sosiale faktorar, for å få auka forståing av tid brukt i naturen i barndommen og korleis det verkar inn på miljøvennleg åtferd gjennom livet.

Fleire studiar finn og ei samanheng mellom kva naturopplevingar vi inngår i nåtid og miljøvennlege handlingar (Alcock et al., 2020; Martin et al., 2020). Menneske som nyttar naturen for rekreasjon, verdsette naturen, dei som opplev høg grad av tilknytning til naturen handla meir miljøvennleg. Rosa og Collado (2019) beskriv at kva miljøsensitivitet menneske utviklar i gjennom naturopplevingar vil variere med kva intensjonar som ligg til grunn. Å vere i naturen kan vere ei utilsikta konsekvens av handlingar med andre føremål, som å gå tur med hunden. Ein kan og ha ei direkte intensjon om det å vere i naturen som hovudføremål. Direkte og intensjonell kontakt med naturen som eit estetisk tilfredsstillande miljø, vart vurdert som den mest innverknadsfulle for å auke si tilknytning til naturen. Naturopplevingar er og beskrive som ulike ut i frå grada av innverknad dei har på miljøet rundt (Rosa & Collado, 2019). Aktivitetar i natur som har liten grad av inngripen i naturen, som turgåing, jakt, fiske, leik i natur og teltturar, vert fremja som typen aktivitet som har størst samanheng med miljøvennlegheit (Rosa & Collado, 2019; Wells & Lekies, 2006). Dette seier Rosa og Collado (2019) at kan forståast som å verdsetja naturen framfor å konsumere den.

### 2.1.3 Haldningar

Kollmus og Agyeman (2002) såg på i kva grad haldningar, altså positive eller negative kjensler om eit menneske, objekt eller problem, hadde funne å ha effekt på miljøvennlege handlingar i tidlegare forskning. Dei beskriv at haldningar har varierende, og ofte liten, forklarings effekt på kvifor menneske handlar miljøvennleg. Juvan og Dolnicar (2014)

intervjua miljøaktivistar om deira ferievanar og undersøkte gapet mellom intensjon og åtferd. Dei fann at miljøaktivistane hadde høg grad av kunnskap om dei negative konsekvensane knytt til turisme generelt, alle viste likevel ei haldning- og åtferdsgap i eige ferievanar som dei opplevde som ukomfortabelt. Dei opplevde kognitiv dissonans (spenning og skuldkjensle) knytt til dette og skapte forklaringar for å redusera denne spenninga, utan å endre ferievanar.

Farjam et al. (2019) fann i si studie at miljøvennlege haldningar førar til miljøvennleg åtferd kunn i situasjonar prega av låge kostnadar for individet. Dei seier at miljøbevisste individ har ei tendens til å favorisere handlingar som er enkle og krev liten innsats, samtidig som dei unngår meir krevjande handlingar som kan ha større miljømessig innverknad. Slike meir gjennomførbare handlingar seier Farjam et al. (2019) hjelpte på den kognitiv dissonansen mellom dei miljøvennlege haldningane deira og den rasjonelle erkjenninga av miljøinnverknaden av handlingane deira. Når kognitiv dissonans vert redusert vert og motivasjonen til å ta fleire og potensielt meir effektive handlingar for miljøet redusert (Diekmann & Preisendörfer, 1998; Fishbach et al., 2006, referert i Farjam et al, 2019).

#### 2.1.4 Mestringstru

Wai Yoong et al. (2018) fann at opplevd meistringstru har ei positiv innverknad på menneske sine miljøvennlege haldningar, det hjelp individ med å utnytte eigne ferdigheitar til å gjere handlingar som er bra for miljøet. Dei fann ikkje direkte kopling mellom meistringstru og miljøvennlege haldningar på generelt grunnlag, men når dei såg på menneske med høg grad av miljøengasjement fann dei ei signifikant samanheng mellom opplevd meistringstru og miljøvennlege handlingar. Leviston et al. (2024) fann at dei som har lita tru på at andre har miljøvennlege haldningar viste mindre grad av tru på at dei kunne handle miljøvennleg sjølve. Chwialkowska et al. (2020) viser til at det er eit forhold mellom haldningar, subjektive normer og åtferdskontroll, dette saman med intensjonar om å handle miljøvennleg og fører til miljøvennleg åtferd.

#### 2.1.5 Verdier og kjensler

Miljøvennlege verdier er funne å ha ei positiv samanheng med intensjonar om å bry seg om miljøet (Liu & Segev, 2017, referert i Chwialkowska et al, 2020, s. 3). To som utforska verdier med betydning for miljø er deGroot og Steg (2008), dei identifiserte tre verdier som



viktige for å forklare miljøengasjement; biosfæriske, altruistiske og egoistiske verdier. Ünal et al. (2018) si undersøkte korleis verdier og kunnskap påverkar miljøvennlegheit og fann at biosfæriske verdier den største samanhengen med bevisstheit om miljøproblem og miljøvennleg handling. Denne samanhengen var større en samanhengen var mellom miljøkunnskap og åtferd. Ajibade og Boateng (2021) si studie fann at altruistiske verdier knytt til miljø hadde samanheng med auke i miljøvennleg åtferd.

Shiple og Riper (2022) fann at forventet stoltheit og skuldskjensle statistisk har ei samanheng med miljøvennlege handlingar, der stoltheit har størst innflyting av dei to. Zelenski og Desrochers (2021) tok utgangspunkt i studiar som såg på kva grad positive kjensler som ærefrykt, takknemlegheit og medkjensle verka direkte inn på miljøvennleg åtferd. Deira gjennomgang visar til at empirien på området ikkje er eintydig, men at desse faktorane kan ha ei mogelegheit for direkte innverknad. Zelenski og Desrochers (2021) viser til at kontekstuelle faktorar ofte er viktige moderatorar mellom positive kjensler og miljøvennleg åtferd, samt at det er ein prosess som kan ta mange år og involvere fleire kjensler. Dei peikar på at den kumulative oppsamlinga av positive kjensler kan over tid skape ei kjensla av tilknytnad med naturen, og slik i siste ledd føre til miljøvennlege handlingar. Zelenski og Desrochers (2021) peikar på dette området som viktigare for vidare forskning, der ein og kombinerer lengre tidsperspektiv.

## 2.2 Eksterne faktorar

Eksterne faktorar omhandlar konteksta menneske inngår i når dei handlar, dette kan vere sosiale normer, kulturelle, institusjonelle og økonomiske faktorar (Grilli & Curtis, 2021; Kollmus & Agyeman, 2002). Chwialkowska et al. (2020) fann at kulturelle verdier verkar inn på forløparane til miljøvennleg åtferd, kulturelle verdier verkar inn på miljøbekymringar, verdier, haldningar, sosiale normer og opplevd kontroll over eigne handlingar eller ei. Kim og Seoch (2019) fann at sosiale normer, direkte eller indirekte, verkar inn på menneske si miljøvennlege åtferd gjennom personlege normer. Li et al. (2019) si litteraturgjennomgang viser at nokre studiar fann sosiale normer å vere innverkande for å kunne føreseie intensjonar om å resirkulere, men at det ikkje er einigheit om korleis menneske internaliserar desse som personlege normer. Liu og Green (2024) beskriv i si litteraturgjennomgang på kva som fremjar miljøvennlegheit hjå born at signifikante andre spelar ei viktig rolle. Nokre studiar

identifiserte eit gjensidig mønster, barn som handlar og har betydning for foreldre si miljøvennlege åtferd. Liu og Green (2024) fann at det manglar forskning som går over tid og samlar inn data frå same individ over ei lengre periode for å sjå korleis visse aspekt endrast over tid. For at menneske skal kunne handle miljøvennleg trengst det naudsynt infrastruktur for dette, til dømes resirkuleringsstasjonar som er lett tilgjengelege (Kollmus & Agyeman, 2002). Når fasilitetane ikkje er godt tilrettelagte minskar sjansen for at menneske tek dei i bruk.

## 2.3 Demografiske faktorar

Rapport av CICERO viser til ei tydeleg skilnad i bekymring for klimaendringar i Noreg basert på demografiske variablar (Aasen et al., 2019). Kvinner er meir bekymra og oppgjer meir vilje til å handle for miljøet enn menn (Aasen et al., 2019). Statistisk sentralbyrå sin rapport frå 2021 fann at det er små ulikheiter i fordeling mellom kjønna når det gjeld miljøvennlegheit åtferd, dette sjølv om kvinner generelt utrykte at dei er meir positive til miljøtiltak enn det menn gjorde (Dalen & Halvorsen, 2011). Dei konkluderer med at kjønn har avgrensa forklaringsverdi på åtferd. Dei som har høgare utdanning er meir bekymra for klimaendringar, meir villige til å støtte klimapolitikk og meir opptekne av å endre eige åtferd (Aasen et al., 2019). Rapport frå CICERO fann at yngre vaksne oppgav at dei var meir bekymra og opptekne av miljø enn dei eldre (Aasen et al., 2019). Geys et al. (2021) undersøkte engasjement for miljø og alder i norske forhold, dei fann at støtte til miljø kan visast i ei omvend U-forma livssyklus-effekt, toppen av engasjement nåast ved 43 år før den søkk stadig nedover med auka alder. Det er ein tendens at bekymringar er lågare hjå menneske med høg personleg inntekt (Aasen et al., 2019, s. 9). Dei som bur i Oslo og Akerhus er og meir bekymra og handlingsvillige samanlikna med menneske frå andre regionar i Noreg (Aasen et al., 2019).

## 2.4 Teoretiske forklaringsmodellar anvende på emnet

Svært mange ulike teoriar er anvende for å forklara miljøvennlege handlingar, feltet er nytt og i stor utvikling (Tian & Liu, 2022). Dei seier at temaet stadig har fått større offentleg oppmerksomheit på grunn av at den globale økonomiske veksten har lagt press på det naturlege miljøet. Dei beskriv at studiar på miljøvennleg åtferd kan vere avgjerande for

utvikling av effektive strategiar og politikk då slike studiar vil gje auka forståing på kva som fremjar åtferd. Tian og Liu (2022) finner to tydelege forgreiningar av teorianar anvend på miljøvennleg åtferd, teoretisk utvikling og teoretisk utforsking. Teoretisk utvikling refererer til eksisterande teorianar frå psykologi, sosiologi og økonomi for å forklare miljøvennleg åtferd. Teoretisk utforsking legg vekt på utvidinga av teorianar, hovudsakeleg på to ulike måtar. Den eine er å utvide eller supplere eksisterande teori med miljøvennleg åtferd som bakgrunn, den andre er å konstruere unike teoretiske modellar basert på eigenskapane til miljøvennleg åtferd. Tian og Liu (2022) foreslår at teoretisk integrasjon, altså kombinasjon av eksisterande teorianar for å skapa komplementære forklaringar, vil vere viktig i framtidig teoretisk utvikling.

Tian og Liu (2022) fann at teorianar anvende på miljø omhandlar i hovudsak kognitive og emosjonelle faktorar kvar for seg, teorien om planlagt åtferd (TPÅ) som har vorte anvend i stor utstrekning på feltet tek for seg kognitive faktorar (Tian & Liu, 2022). Tian og Liu (2022) peikar på at det å anvende teorianar som tek for seg emosjonelle faktorar samt verdiar vil vere nyttig då teorien om planlagt åtferd (TPÅ) ikkje rommar desse og dette funne å vere ein viktige faktorar som verkar inn på individ si miljøvennlege åtferd. Teorianar som har vorte vidareutvikla for å forklare eigenskapane til miljøvennleg åtferd vert og belyst, verdi-tru-norm (VTN) teorien er ein av desse og er ein viktig teoretisk forklaringsmodell for studiar knytt til miljøvennleg åtferd. Vidare seier Tian og Liu (2022) at modellar som og kan integrere interne og eksterne faktorar for å forklare miljøvennleg åtferd vil kunne vere eit nyttig bidrag til å forstå miljøvennleg åtferd.

## 2.5 Konklusjon

Tian og Liu (2002) peikar på at miljøengasjement er eit komplekst fenomen, i forskning er den ofte operasjonalisert og studert i mindre delar utan ei heilskapleg tilnærming. Det er gjort mykje forskning på kva som gjer at vaksne handlar miljøvennleg, samanlikna er det gjort lite forskning som går over lenger tid, som ser på kva «veg» menneske sine liv har teke sidan barndommen (DeVille et al., 2021; Kollmus & Agyeman, 2002; Liu & Green, 2024; Zelenski & Desrochers, 2021).

Ei måte å undersøkje vegen liva til menneske har teke er retroperspektive studiar som tek utgangspunkt i menneske sine livshistorier og korleis deira miljøvennlegheit har utvikla seg

over tid. Det finst somme som har gått fram på denne måten tidlegare, omfanget er derimot lite og det er funne å vere viktig område for vidare utforsking (Chawla, 1998; Wells og Lekies, 2006; Hards, 2012; Weme & Madsen, 2018). Eit livshistoriefokus kan vere nyttig innfallsvinkel for å gje eit meir heilskapleg bilete av forhold av betydning (Hards, 2012). Fleire av faktorane som vert fremja at indirekte eller direkte verkar inn på miljøengasjement slik som motivasjon, overtvingar, haldningar og handlingar botnar i prosessar som går over tid, å sjå på engasjement i eit lengre tidsperspektiv vil kunne vere med på å belyse utviklinga av desse prosessane (Bouman et al., 2020; Kollmuss & Agyeman, 2002). På bakgrunn av dette vart det vald ei problemstilling som kan gje ei mest mogeleg heilskapleg blick på fenomenet, ei narrativ tilnærming gjennom kvalitative intervju er vald for å kunne fange opp ulike forhold av betydning, samt for å inkludere tidsdimensjonen som sakna på området.

# 3 Teori og kunnskapsteoretisk rammeverk

## 3.1 Teoriar og modellar som kan forklare miljøengasjement

Kva som formar miljøvennleg åtferd er komplisert, fleire variablar, modellar og teoriar er anvende på feltet for å forstå fenomenet (Li et al., 2019). Å anvende ein enkeltmodell for å forstå forminga av miljøvennleg åtferd vil ikkje naudsynt gje det heile bilete av kva faktorar som har innverknad (Li et al., 2019). Tian og Liu (2022) beskriv teoriar som gjev forklaringsverdi på miljøvennleg åtferd og beskriv at det å kombinere teoriar som tek for seg kognitive samt emosjonelle faktorar, og interne samt eksterne faktorar, vil vere nyttig for å gje ei heilskapleg forståing av fenomenet. I denne studia er det søkt å inkludere teoriar som tek omsyn til desse aspekta, tre ulike teoriar som kan ha forklaringsverdi for å forstå miljøengasjement vart valde ut.

### 3.1.1 Teorien om planlagt åtferd

Ajzen (1985) beskriv at menneskeleg sosial åtferd kan seiast å følgje meir eller mindre godt formulerte planar, eksplisitte eller implisitt. Nokre intensjonar endrar seg for å tilpassa situasjonen vår, og stundom forlet vi intensjonen vår (Ajzen, 1985). Ajzen (1985) baserte seg på teorien om rasjonell handling når han utvikla sin teori om planlagt åtferd (TPÅ). I TPÅ ligg det til grunn ei forståing av at ein kan forklare og føreseie utføringa av ei åtferd, og at den er eit direkte resultat av menneske sine intensjonar (Ajzen, 1991). Intensjonar antakast å fange opp dei motivasjonelle faktorane som verkar inn på åtferd. I dette ligg indikasjonar på kor hardt menneske er villige til å prøve, kor mykje innsats dei er villige til å legge ned, for å utføra åtferda. Dess høgare intensjon i å utføre ei handling, jo oftare vil den utførast seier Ajzen (1991). I følgje TPÅ er det tre nøkkelkomponentar som verkar inn på intensjon om å utføre ei handling; haldningar til åtferda, subjektive normer og opplevd åtferdskontroll (Ajzen, 1991).

Haldningar til åtferda refererer til individ si positive eller negative evaluering eller vurdering av åtferda (Ajzen, 1991). Om ein person ser positivt på åtferda, er det større sannsyn for at dei vil ha ei intensjon om å utføra den. Subjektive normer omhandlar individet si oppfatning av kva andre meiner at dei bør gjere, det opplevde presset mot å utføra handlinga eller ei (Ajzen,

1991). Vidare ligg åtferdskontroll, individ si tru på eiga evne til å utføra handlinga. I denne vurderinga ligg tidlegare erfaringar, samt forventna hinder og barrierar, for at potensiell åtferd kan gjennomførast. Når ein person trur at dei har evna og ressursane som krevjast for å utføra åtferda vil dette styrke intensjon for å handle. Ajzen (1991) beskriv vidare at jo meir fordelaktig ei åtferd verkar gjennom haldningar og subjektive normer, jo større vil den opplevde åtferdskontrolla vere.

TPÅ viser til at åtferd er ei funksjon av framtrédande informasjon eller overtydingar som er relevante for åtferda (Ajzen, 1991). Menneske kan ha mange overtydingar om ei åtferd, men ein kan berre fokusere på eit relativt lite tal på eit gitt tidspunkt. På grunn av dette vert desse framtrédande overtydingane sett å vere dei dominerande determinantane for ein person sine intensjonar og handlingar. Det er tre typar framtrédande overtydingar som skil seg ut; åtferdsovertydingar som er anteke å verke inn på haldningar til åtferda, normative overtydingar som utgjer dei underliggande determinantane for subjektive normer, og kontrollovertydingar som gjev eit grunnlag for oppfatningar av åtferdskontroll (Ajzen, 1991).

### 3.1.2 Verdi-tru-norm teori

Stern et al. (1999) beskriv at å engasjere seg for miljø er ein del av sosiale rørsler. Slike rørsler arbeider for kollektive gode, nokre gonger er desse goda fordelt til ei spesifikk gruppe og det er lett å sjå dei som får goda av det. Dette er ikkje tilfellet i miljørørsla, her vil det kollektive gode ofte kome til uttrykk på eit større nasjonalt eller globalt nivå. På bakgrunn av dette føreslår Stern et al. (1999) at egoistiske verdiar, det å arbeide for eit personleg gode, i dei fleste tilfelle ikkje er nok til å motivere individ til å handle miljøvennleg. Dei fleste vil og vere motivert av ei breiare altruistisk bekymring.

Grunnlaget for generell støtte til miljøet seier Stern et al. (1999) kan finnast i verdiar, tru og personlege normer, kjensler av personleg forplikting som er knytt til eigne forventningar og som driv menneske til å handle miljøvennleg. Personlege normer og altruistiske verdiar er viktige då sosiale rørsler er organisert rundt normative krav til individ og sosiale organisasjonar om å handle på rørsla sine prinsipp av andre grunnar enn rein eigeninteresse. Sosiale rørsler oppfordrar menneske til å handle basert på det som opplevast riktig eller moralsk rett (personlege normer), samt deira bekymring for samfunnet som heilheit

(altruistiske verdiar). Grunnen til at personlege normer er fremja som viktige framfor sosiale normer i VTN er i følge Stern et al. (1999) fordi sosiale rørsler er krefter for sosiale endringar, difor kan dei ikkje bygge på dei eksisterande sosiale normene som finst. For å forstå korleis generell støtte og engasjement for miljø oppstår har Stern et al. (1999) lena seg på tidlegare teori på feltet, og dei beskriv at dei anvende ein versjon av Schwartz (1972; Schwartz, 1977; referert i Stern et al. 1999) moral-norm-aktivering teori for å utvikle sin teorien for VTN. Stern et al. (1999) føreslår at norm-baserte handlingar kan sporast tilbake til tre faktorar; aksept av spesifikke personlege verdiar, tru på at ting som er betydningsfulle i følge egne verdiar er under åtak eller press, og tru på at handlingar som individet tek kan ha positiv innverknad på denne trusselen og gjenoppretta verdiane.

VTN teorien til Stern et al. (1999) lenkar miljøvennleg handling til ei årsakskjede med fem variablar; verdiar, økologisk verdsbilete, opplevde konsekvensar av handling, opplevd ansvar for å handle og personlege normer. Personlege verdiar (spesielt altruistiske) ligg som den fyrste faktoren i VTN teorien for å forklara miljøvennleg handling. Slike verdiar er rettesnorar for korleis vi lev liva våre (Hitlin og Piliavin, 2004). Stern et al. (1999) beskriv altruistiske verdiar å omhandle å bry seg om andre menneske samt om det naturlege miljøet, men at det kan vere viktig å skilje mellom desse to. Ein av dei som tok på seg å operasjonalisere og undersøke den forskingsmessige nytta av dette er de Groot og Steg (2008). Dei fann belegg for at Stern et al. (1999) sin opprinnelege altruistiske verdi kan gje auka forståing når dei delast inn i biosfæriske og altruistiske verdiar. Biosfæriske verdiar reflekterer å verdsetje og beskytte det naturlege miljøet for miljøet si eige skuld og skil seg frå altruistiske verdiar som reflekterer ei omsut for andre menneske si trivsel (de Groot & Thøgersen, 2012, s. 146).

Altruistiske verdiar kan fremja miljøhandling fordi slike handlingar generelt aukar trivnaden til andre, dette samanfell ofte med det å ta vare på miljøet (de Groot og Thøgersen, 2012, s. 146). Vidare vil det vere slik at menneske som framhevar egoistiske verdiar vil ta omsut til personlege fordelar og kostnadar, når dei tenkte fordelane er større enn kostnaden vil dei handle miljøvennleg, og omvendt. Det beskrivast at når altruistiske verdiar er sterkast vil eventuelle miljøhandlingar basere seg på opplevde kostnadar og føredelar for andre menneske og samfunnet. Om biosfæriske verdiar er høgst gjeldande vil miljøhandlingar basere seg på opplevd kostnad og føredelar for økosystemet som heilskap. I følge deGroot og Thøgersen, 2012, s. 146) kan miljøvennleg tru, normer og handlingar verte fremja av desse tre verdiane.

Ein person kan til dømes køyre mindre bil fordi ho trur kostnadane er for høge (egoistiske verdiar), fordi det forureinar miljøet andre menneske lev i (altruistiske verdiar) eller fordi det skadar plantar og dyreliv (biosfæriske verdiar) (de Groot & Thøgersen, 2012, s. 147).

I følgje teorien om VTN kan høg støtte til altruistiske og biosfæriske verdiar verke positivt inn på det økologiske verdsbilete, eit sett å sjå verda på som anerkjenner den djupe samanhengen mellom alt levande og ikkje-levande i det naturlege miljøet (deGroot & Thøgersen, 2012, s. 148). Egoistiske verdiar vurdert som negativt knytt til, og altruistiske og biosfæriske verdiar positivt knytt til auke i økologisk verdsbilete (Steg & Nordlund, 2012, s. 191). Det økologiske verdsbilete verkar inn på individet si generelle problembesvisstheit, som igjen verkar inn på tilskrivning av ansvar, opplevinga av eige rolle og ansvar for å handle for miljøet (Stern et. al., 1999). Dette verkar i neste ledd inn på personlege normer, som er knytt til individet sitt sjølvbilete og forventningar til seg sjølv vil verke inn på ulike former for miljøvennleg handling. Stern et al. (1999) beskriv at dei fem variablane i årsakskjeda (som begynner frå verdiar) vil direkte verke inn på den neste variabelen i kjeda, slik som beskrive over. Dei seier vidare at kvar variabel kan og direkte verka inn på andre variablar som er lengre nede i årsakskjeda, og at alle variablane i teorien kan ha indirekte eller direkte effekt gjennom personlege normer på å fremje miljøvennleg handling.


### 3.1.3 Modell for miljøvennleg åtferd

Kollmus og Agyeman (2002) gjennomgjekk tidlegare modellar gjort på miljøåtferd og analyserte faktorar som er funne å ha ei innverknad, positivt eller negativt, på miljøvennleg åtferd og fann faktorar som demografiske, eksterne (som institusjonelle, økonomiske, sosiale og kulturelle) og interne (motivasjon, miljøvennleg kunnskap, bevisstheit, verdiar, haldningar, kjensler, locus of control, ansvar og prioriteringar). På bakgrunn av denne analysa utvikla Kollmus og Agyeman (2002) modellen om miljøvennleg åtferd som eit visuelt verktøy for å synleggjera og kategorisera faktorar som har vist å kunne verke inn på miljøvennlegheit.



Figur 1

Model of pro-environmental behaviour



Note. Frå “Mind the Gap: Why do people act environmentally and what are the barriers to pro-environmental behavior?” av A. Kollmus & J. Agyeman, 2002, *Environmental Education Research*, 8(3), s. 257. (<https://doi.org/10.1080/13504620220145401>). Copyright 2010 ved Taylor & Francis.

Miljøkunnskap, verdier og haldningar i lag med emosjonell involvering skapar til saman det som vert kalla miljøvennleg bevisstheit (environmental consciousness) som vist i den mørkegrå boksen i figur 1. Rundt den miljøvennlege bevisstheita ligg dei breiare personlege verdiane, personlegheitstrekk, og eventuelt andre interne faktorar. Til saman utgjør dette dei interne faktorene. Desse faktorene vert gjensidig påverka av eksterne faktorar, som infrastruktur, politiske, sosiale, kulturelle og økonomiske faktorar. Kollmuss og Agyeman (2002) peikar sjølve på at dei sosiale og kulturelle faktorene som ligg i boksen eksterne faktorar og kan verte sett som nært tilknytt interne faktorar, og at denne kategorien kunne ha vorte skild ut å satt til å overlappa med både eksterne samt interne faktorar.

Pilene i figur 1 viser til korleis dei ulike faktorane verkar inn på kvarandre, og i siste ledd, miljøvennleg åtferd. Dei to smalaste pilene visar miljøhandlingar som ikkje er tekne for miljøet, men som likevel gjev eit miljøvennleg utfall, som til dømes når ein verdset måtehald er og du let vere å ta fly på grunn av dei økonomiske kostnadane. Kollmus og Agyeman (2002) beskriv at den tjukkaste pila i figur 1 visar til den mest positive innverknaden på miljøvennleg åtferd, den er oppnådd når interne og eksterne faktorar verkar i synergi med kvarandre. Dei svarte boksane i figur 1 visar nokre av dei viktigaste barrierane som står i vegen for positiv innverknad på miljøvennleg åtferd.

# 4 Metode

## 4.1 Metodeval

For å svare på problemstillinga er kvalitative intervju nytta som framgangsmåte. Kvalitative intervju har potensiale til å gje ei djupare forståing av dei sosiale fenomena som studerast, framgangsmåten kan slik bidra til å gje ei auka forståing korleis miljøengasjement utviklast (Thagaard, 2018, s. 16). For å få fram intervjupersonane sine eigne opplevingar og erfaringar knytt til miljøengasjement vart individuelle intervju vurdert som hensiktsmessig.

Framgangsmåten er fordelaktig for å gje rom til den individuelle fortellinga og fortolkinga (Skilbrei, 2019, s. 67). Å ta utgangspunkt i subjektive opplevingar og søkje ei auka forståing av den djupare meininga i individ sine erfaringar er i tråd med eit fenomenologisk vitskapssyn (Thagaard, 2018, s. 36). For å søkje å få tak i menneske si oppleving av utviklinga i deira engasjement over tid samt få detaljerte forteljingar frå intervjupersonane sine eigne perspektiv vart det vurdert at ei narrativ tilnærming gjennom livshistorieintervju i prosjektet ville vere verdifullt for å undersøkje kva som kan vere med å fremje miljøengasjement (Riessman, 2008).

## 4.2 Førebuing og utval

### 4.2.1 Førebuing

Før oppstart av prosjektet vart det godkjent av Sikt, kunnskapssektorens tenesteleverandør. Det vart utarbeida intervjuguide (vedlegg 1) og den vart prøvd ut i to prøveintervju. Frå oppstart og gjennom heile prosessen med prosjektet førte eg ned refleksjonar knytt til prosessen og rundt eige rolle for å auke refleksivitet i prosjektet. Refleksjonar gjort etter to innleiande prøveintervju vart somme element i intervjuguiden modifisert, språket vart forenkla, og nokre spørsmål vart lagt til. Dette for å sikre at spørsmåla på intervjuguiden skulle fanne områder av relevans og slik auke nytteverdien av den i intervju. Spørsmåla i intervjuguiden vart strukturert i kronologisk rekkefølge i tid samt inndelt etter tema. Dette vart gjort for å gjere den lettare å anvende i praksis, då intervjupersonen ofte fortel historia si kronologisk i tid (Atkinson, 1998, s. 42).

#### 4.2.2 Utvalsstrategi

Det vart sett to hovudkriterier for inklusjon, eit sjølvopplevd miljøengasjement samt ei alder over 18 år. For å undersøkje individ sine oppfatningar av eige miljøengasjement var det viktig at deltakarane sjølve identifiserte seg som engasjerte i miljø. Avgrensinga i alder vart gjort for å kunne undersøkje utviklinga av engasjementet i deltakarane sine livshistorier, det vil krevje eit vist nivå av livserfaring og derfor vart personar under 18 år ekskludert. Med utgangspunkt i omfanget og tidsbruken tilgjengeleg i prosjektet vart det vurdert ønskeleg å rekruttere 4-6 intervjupersonar til å delta i prosjektet gjennom eit strategisk utval. Gjennom strategisk utval kunne eg sørgje for at data i studia var hensiktsmessig for å svare på problemstillinga (Thagaard, 2018, s. 55).

#### 4.2.3 Rekruttering

Eit strategisk utval vart gjennomført, eit slikt utval vil ikkje vere direkte overførbare til populasjonar som heilheit, men dei kan likevel sei noko om menneskelege forhold som kan vere gyldige for fleire (Thagaard, 2018, s. 55). Prosjektet vart presentert i ei «kontaktannonse» og delt i fleire større facebook-grupper med kopling til ulike former for miljøengasjement. I det innleiande skrivet som vart posta på nettet var hovuddelane av prosjektet formidla samt eit ønske om å kome i kontakt med menneske som opplevde at dei hadde eit engasjement for miljø som kunne tenkje seg å stille til intervju. Det vart oppmuntra til å ta kontakt med meg på mail ved interesse. Fordelen med å rekruttere på denne måten var at eg kunne rekruttere frå eit stort utval som kan gjere at ein får intervjupersonar frå ulike geografisk område. Når eg søkte menneske gjennom sosiale media kan det hende at ulike grupper ikkje er tilstrekkeleg representerte i ei slik kanal. Fordelane ved ei slik rekruttering vart vurdert som større i dette prosjektet enn potensielle ulemper. Det var ønska å kome i kontakt med menneske med ulik spreiding i alder og kjønn.

Dei som melde at dei ønska å delta i studia vart tilsend informasjonsskriv (vedlegg 2) til gjennomlesing, og alle gav samtykke til deltaking. Informasjonsskrivet som vart utsend til intervjupersonane var utarbeida i tråd med Sikt (u.å.) sine retningslinjer for kva dei bør innehalde, sentralt i skrivet er retten til å trekke seg når som helst utan grunngjeving samt anonymitet.

#### 4.2.4 Deltakarar

Det var 5 intervjupersonar inkludert frå rekrutteringsfasen, alle som melde seg godtok til å delta i prosjektet. Intervjupersonane kjem ulike delar av landet og er i aldersspennet 33-64 år. Det er 4 kvinner og 1 mann med i utvalet.

### 4.3 Datainnsamling

Intervjua vart gjennomførte i perioden mellom 06.02.24 – 21.03.24 og tok alle mellom 64 og 92 minutt. Intervjupersonane vart oppfordra til å velje tidspunktet for intervjua, og det var gåve mogelegheit for å gjennomføre intervjua fysisk eller over nett. Alle intervjua vart gjennomførte i Zoom, og lydopptak av desse vart gjort i Nettskjema. Ved oppstarten av intervjua vart hovudpunkt frå informasjonsskrivet gjenteke og eg presenterte kort meg sjølv og masterprosjektet. Det vart formidla kva mi rolle var i intervjuet og at studia ønska å få tak i deira opplevingar og erfaringar knytt til miljøengasjement gjennom livet. Fri forteljing vart oppmuntra for å leggje til rette for ei forteljing som ikkje vart prega av spørsmål – svar, og slik legge til rette for ei narrativ forteljing. Intervjuguiden vart brukt som ei sjekklister for meg som intervjuar. Tema som ikkje vart dekte naturleg i løpet av intervjuet vart teke opp av meg mot slutten av intervjua. Det vart spurt om det var tema dei sakna i intervjua eller om dei hadde noko å føye til og gåve rom å følgje opp dette.

Opptak og personidentifiserbar informasjon vart behandla i samsvar med Universitetet i Sørøst-Noreg (USN) sine retningslinjer for sikker lagring av forskingsdata og sikra med passordbeskytting for å oppretthalda konfidensialitet. Transkripsjon vart gjort for hand ord for ord. All transkripsjon vart utført med høg talenøyaktigheit og med dialekt, det vart gjennomlese fleire gonger for nøyaktigheit. Ei slik nøyaktig måte å transkribere på er å føretrekkje i ei narrativ tilnærming for å oppnå ei heilskapleg forståing av materialet, og slik lette arbeidet med koding og analyse (Fossland & Thorsen, 2010, s. 189). Etter gjennomført analyse vart materialet «reinska», ord utan betydning for meiningsinnhaldet som kunne verka forstyrrende vart redusert for å gje ei samanhengande form med god lesbarheit samt for å fremja meiningsinnhaldet i det som vert sagt (Atkinson, 1998, s. 55). Transkribering og tolking heng tett saman og tolkinga har alt teke til i transkripsjonen av materialet (Riessman, 2008, s. 2, s. 21).

## 4.4 Ei narrativ tilnærming

### 4.4.1 Tankegodset bak ei narrativ tilnærming

Historieforteljing er ein fundamental form for menneskeleg kommunikasjon og kan ha stor innverknad på liva våre (Atkinson, 1998, s. 1). Menneske, både som individ og gruppe, kan skape sine identitetar gjennom å fortelje historier (Fossland & Thorsen, 2010, s. 8). Atkinson (1998, s. 1) beskriv at å bruke historier fell naturleg for oss, vi gjer det når vi tenkjer, snakkar, vi brukar dei for å auke mening i liva våre. Når vi strukturerer opplevde hendingar i historier aukar vi kunnskapen vi har om oss sjølve, vi oppdagar ei djupare mening i liva våre gjennom prosessen vi går i gjennom når vi reflekterer og sorterer hendingar, erfaringar og kjensler som vi har hatt, over til munnleg form. Atkinson (1998, s. 1) ser denne funksjonen av historieforteljing i samheng med våre menneskelege behov for å forstå, finne samanhengar og kjenne mening i liva våre.

### 4.4.2 Det narrative intervjuet

I ein intervjusituasjon er makta i samtalen i favør intervjuaren, når ein gjer rom for den andre si forteljing kan det ha innverknad på at ein minskar noko av denne ubalansen (Riessman, 2008, s. 24). Gjennom deling av makt kan genuine oppdagingar om eit fenomen trå fram. Det narrative intervjuet har som mål å produsere detaljerte forteljingar i staden for korte svar eller generelle utsegn (Riessman, 2008, s. 23). Livshistorieintervju opnar ofte for spontanitet i intervjuet og intervjuguiden vil ofte fungera som ei hugseliste over tema ein vil kome innom i løpet av intervjuet, då formålet er å følgje intervjupersonane sine narrativ (Fossland & Thorsen, 2010, s. 169; Riessman, 2008, s. 24). Spørsmål vert ofte strukturert i kronologisk rekkefølge etter tid og inndelt etter tema, slik at dei ligg den nært opp mot den naturlege flyta i intervjuet (Atkinson, 1998, s. 42). For å gje rom for forteljingar vart det søkt utforma enkle, likefram og opne spørsmål (Riessman, 2008, s. 24). Vidare er spesifikk ordlegging mindre viktig i intervjusituasjonen enn intervjuaren si emosjonelle merksamheit og deltaking og grada av gjensidigheit i samtalen.

### 4.4.3 Analyse i narrativ tilnærming

Narrativ analyse er ulike metodar for å tolke tekst som har ei forteljande form (Riessman, 2008, s. 11). Kvalitative studiar som er basert på livshistorier søker forståing av fenomena, samfunnstrekk, grupper og tek utgangspunkt i individa sine eigne førestillingar og fortellingar

(Fossland & Thorsen, 2010, s. 26). Ein fokuserer på det fortolkande, innvendige samanhengane i livsløpet for å gje mening og kopla dei saman. Riessman (2008, s. 19) beskriv to hovudtilnærmingar til narrativ analyse, tematisk og strukturbasert analyse, der tematisk analyse er mest utbreidd av dei to.

Riessman (2008, s. 53) seier at «kva» som vert sagt av intervjupersonane har eit viktig fokus i narrativ tilnærming, men gjennom ei tematisk analyse får innhaldet eit endå større fokus. Andre spørsmål og ofte er nytta i narrativ tilnærming som «korleis», «til kven» og «for kva formål» vil kome lenger i bakgrunnen i ei tematisk analyse (Riessman, 2008, s. 54). Riessman (2008, s. 54) beskriv at ein tradisjonelt i narrativ tematisk analyse søker å sjå på forteljingane utan brot, slik at ein tematiserar og samanliknar mellom historiar i staden for mellom ulike delar av historiane. Thagaard (2018, s. 171) beskriver ei kritikk mot tradisjonell tematisk analyse som det manglande omsynet til forteljingar som samanhengande og heilskapleg, ein lausriv utsnitt av data frå konteksta dei eigentleg var ein del av. Ho beskriv ein for å unngå at analysar vert eit resultat av lausrivne bitar av ei forteljing lyt vi vurdere kvart enkelt utsegn i intervjuet mot intervjuet det inngjekk i som heilheit.

I livsløpsanalyse legg ein vekt på fasar, overgangar mellom fasar og forholdet mellom fasar i menneske sine liv (Fossland & Thorsen, 2010, s. 47). Vendepunkt er og eit omgrep brukt innan narrativ metode, det kan forståast som tidspunkt eller hendingar der livet tek ei vending, til dømes når ein får born (Hareven & Masaoka, 1998, referert i Fossland & Thorsen, 2010, s. 47). Vendepunkt kan vere viktige for å forstå kva som gjer at menneske gjer miljøvennlege handlingar (Hards, 2012). Hendingar som er tilfeldige og sosialt uregulerte vert beskrive som livshendingar (Elder mfl. 1984; Elder & Shanahan, 1997; referert i Fossland & Thorsen, 2010, s. 47). Forteljingar frå intervjupersonane kjem i ei rekkefølgje, dette med på å gje meining til forteljinga, i desse forteljingane er plottet det meiningsskapande aspektet ved forteljingane (Thagaard, 2018, s. 130). Plotta som kjem fram i livshistorier kan vere instrumentelle for å kartlegge endringar i handlingar (Hards, 2012). Det er forteljaren si vurdering av erfaringar som gjev grunnlaget for korleis materialet vert tolka (Thagaard, 2018, s. 131).

## 4.5 Narrativ tematisk analyse

Johansson (2005) og Riessman (2008) beskriv i detalj den narrative metoden og viser til at det finst fleire ulike analytiske tilnærmingar for å gjere ei narrativ analyse. Dei begge visar til at narrative studiar ofte vert analyserte etter tema, og Riessman (2008, s. 12) seier at tematisk analyse kan passe godt saman med nær analyse av individuelle tilfelle. På grunn av dette vart refleksiv tematisk analyse (TA) i tråd med Clark og Braun (2022) si tilnærming vald som eit nyttig verktøy og rammeverk for analysa. Dei beskriv TA som «ein metode for å utvikle, analysere og tolke mønster på tvers av ulike kvalitative datasett, ein systematisk prosess av koding av data for å utvikle tema» (Clark & Braun, 2022, s. 4). Braun og Clarke (2022) omtalar den analytiske prosessen gjennom seks fasar; familisering med data, generere innleiande kodar, søkje etter tema, gjennomgå tema, definere og namngje tema og skrive rapport. Denne systematiske måten å gå fram i kodinga var særst nyttig for meg som ny i arbeidet med tematisk analyse og gav gode retningslinjer for eit grundig analysearbeid.

For å søkje unngå at den tematiske analysen vart lausrive frå kontekst byrja eg analysen med fleire grundig gjennomlesing av intervjua då viktige poeng kan dukke opp fyrst etter fleire gjennomlesingar av intervjua (Fossland & Thorsen, 2010, s. 189, Braun og Clarke, 2022, s. 43). Ved å gå fram og tilbake mellom det heilskaplege intervjuet og dei potensielle enkeltkodane ønska eg å sikre at det kontekstuelle aspektet vert inkludert i så langt som mogeleg i kodinga. Det var eit mål i analysen å få med det strukturelle og heilskaplege aspektet for å vere så tru som mogeleg til ei narrativ tilnærming og historiene intervjupersonane delte. I arbeidet med å generera innleiande kodar vart det prioritert å kode så induktivt som mogeleg. I prosjektet har eg med meg mine eigne forforståingar inn i det meiningsskapande arbeidet, og ei rein induktiv analyse vil derfor ikkje vere mogeleg beskriv Braun og Clarke (2022, s. 56). Når eg i prosjektet søkjer å utvikle datadrevne kodar handlar det om å fremje at deltakarane sine røyster vert høyrte og gje deira historie plass (Braun & Clarke, 2022, s. 56).

## 4.6 Ethiske aspekt

I den både narrative tilnærminga og i refleksiv tematiske analyse vert det fremja at data vert utvikla gjennom tolking. Riessman (2008, s. 2) vektlegg at vi «finn» ikkje narrativ, vi deltek i



skapinga av dei. Braun og Clarke (2020, s. 196) omtalar det å skape meining ut av data som ein tolkande aktivitet. I arbeidet har eg søkt, i tråd med Braun og Clarke (2020, s. 202) å ikkje fortelje mi historie, men formidla mi historia av dei data som kom fram i intervjuet.

Neumann og Neumann (2023, s. 10) beskriv at ein i forskingsprosessen under eit intervju ikkje kan unngå å stå ei relasjon til intervjupersonen. Den ein intervjuar vert påverka av forskaren sitt nærvær, veremåte, og måte å stille spørsmål på (Neumann & Neumann, 2023, s. 11). Atkinson (1998, s. 41) seier at ei lita grad av struktur i eit narrativt intervju er vil gjere det lettare å få tak på personen si eiga forteljing og på den måten personen ønskjer å fortelje den. Ved oppstarten av intervjuet hadde eg eit ideal om å halde meg så nøytral som mogeleg og å søkje å unngå å legge føringar for intervjuet. Dette opplevde eg gjorde at prosjektinformasjonen eg gav ved intervjuoppstart vart opplevd noko vag, det førte til at eg opplevde at eg laut lene meg til intervjuguiden i større grad enn ønskeleg for å vere i tråd med den narrative tilnærminga. Sidan ein ikkje på førehand kan vite kva som vil skje under intervjuet, kan ein heller ikkje vere totalt førebudd på kva som vil skje (Neumann & Neumann, 2023, s. 11). Gjennom prosessen vart eg betre til å formidle og oppmuntre til fri forteljing samt formidle målet med det narrative intervjuet. Slik opplevde eg at rammene vart meir tydeleg for intervjuetpersonane, forteljinga vart då meir flytande og mindre grad prega av spørsmål frå meg som intervjuetperson. Neumann og Neumann (2023, s. 13) beskriv at det i praksis er det ikkje mogeleg å forhalda seg taus, nøytral og upåverka av intervjusituasjonen, og at dette er heller ikkje eit mål. Dette forklarar dei med at slike ferdigheiter skulle stå i motsetnad til dei ferdigheitene som krevjast for å forstå dei sosiale fenomen som forskaren skal sjå nærare på. Dette var ei svært nyttig læringsprosess for meg, og eg noterte meg i refleksjonsnotatane mine at mi utvikling i tilnærminga i intervjusituasjonen kunne påverke data som vart samla inn. Når eg var klar over mi eige prosess og grundig leste igjennom dei ulike intervjuet om kva som kom fram av data opplevde eg likevel at det var gjennomgåande like tema som kom opp, og at denne utviklinga i lærdom hjå meg som intervjuar ikkje har gått ut over verdien av forteljingane intervjuetpersonane gav.

Igjennom dette metodekapittelet er det søkt å gje ei detaljert beskriving av forskingsstrategi og analysemetode for å oppnå gjennomsiktighet som er eit viktig prinsipp for å styrke reliabilitet og validitet av funna (Silverman, 2014, s. 84, referert i Thagaard, 2018, s. 188, 189).

# 5 Resultat

## 5.1 Intervjupersonane si bakgrunn

Intervjupersonane har ulik demografisk bakgrunn og består av fire er kvinner og ein mann, dei har høgare utdanning og er frå 33 til 64 år gamle. Intervjupersonane beskriv gjennom livsløpa eit engasjement som har vore i endring gjennom ulike fasar. Alle beskriv at dei ikkje opplevde å ha eit særskild miljøengasjement i barndommen, men prosessen mot å utvikle eit engasjement kan ha begynt i denne alderen. Dei beskriv oppveksten som ei tid der miljøfokus i seg sjølv ikkje sto høgt på agendaen, men at handlingar som kan korrelere med eit miljøvennleg levesett likevel var viktige som til dømes omsorg, ansvar og måtehald. Vidare beskriv fleire opplevingar knytt til natur, dyr eller andre menneske, som dei beskriv at har påverka evna deira til å ha empati, forståing og bevisstheit som igjen har auka motivasjonen for å handle miljøvennleg.

## 5.2 Fasar og vendepunkt

### **Barndom**

Dei beskriv alle endring i engasjementet etter livsendringar og gjennom ulike fasar, engasjementet er opplevd at har utvikla seg over tid. Når intervjupersonane tenkjer tilbake på barndommen beskriv alle at dei ikkje opplevde at det var særskild fokus på det å ta vare på miljøet når dei vaks opp, og at dei sjølve ikkje hadde eit særskild engasjement utover kva andre rundt dei hadde. Fleire beskriv at det i oppveksten var eit fokus på verdien av det å ta ansvar for seg sjølve og eige handlingar, vise måtehald gjennom å ta vare på det ein har, og det å vere ute i natur vart verdsett på ulike sett. Ei beskriv at dei i hennar familie var det faste søndagsturar ut på tur, det hadde foreldra hennar frå sine foreldre beskriv ho. Ei anna beskriv ei barndom i eit byggefelt utan direkte tilgang til natur, men familien reiste på tur til sjø og skog i helger og feriar. Ei beskriv sommarferiar på besteforeldra sitt småbruk og tida ho brukte med besteforeldra, dyra og naturen der. Ein beskriv eit grøntområde i nærområdet som han hadde kontinuerleg tilgang til som liten, samt foreldre som var opptekne av å gje han og systra opplevingar i naturen. Fleire beskriv ei kjensle av nærheit til natur og dyr i oppveksten, nokon beskriv opplevingar som har gjort sterkt inntrykk. Ein intervjuperson beskriv at ho

ikkje hadde nokon særskilde hendingar eller opplevingar som i barndommen som ho i dag knyter saman med sitt miljøengasjement. Det er fleire som fortel at barndommen deira kan ha verka inn på engasjementet dei seinare utvikla. Ein beskriv korleis han tenkjer barndommen hans heng saman med engasjementet hans i dag på denne måten:

*«Det vil sei altså, oppveksten la et godt grunnlag. Grunnleggande interesse og kompetanse. Og så balla det jo på seg då eg begynte å være aktiv i turistforeningen. Då fant eg liksom andre ungdommar og voksne ittekvert som va interessert i det sama. Og så i løpet av studietidå så dabba det litt av, men så plukka eg opp den interessen, spesielt når eg møtte min nåverande samboar, då blei det mye merr då. Nå er det på det, et slags friluftsliv og klima og miljø. Det skilir veldigt inn i kvarandre.»*

## **Ungdomstid**

I sitatet over beskriv intervjupersonen korleis engasjementet hans har variert gjennom livet og at det er i endring i ulike faser basert på erfaringer og relasjonar. Ei personleg oppleving som har hatt mykje og seie for hans engasjement knytt til menneskerettigheitar og det å bry seg om andre, og slik hatt innverknad på miljøengasjementet hans, er ei oppleving i slutten av ungdomstida der han var med på ein tur til ein flyktningeleir:

*«Der eg og et par andre bare blei sittande igjen og bare preika med palestinsk ungdom. Så uten at det var noye sånn arrangement, plan, agenda, eller me skulle fram til noye. Me blei bare sittande der og snakka. Og det var en sånn voldsom erkjennelse av kor sykt like me faktisk er. For då, då kunne eg då sitte i flyktningeleir, i Palestina, med folk som, der alle knota litt rundt på engelsk... plutselig så fant eg mine musikkfelles vennar i Palestina! Og då var det ikkje snakk om okkupasjon, eller krig, eller menneskerettighetar, eller noye sånt. Nei, det var bare, me er her som ungdommer og me snakker samene. Så akkurat den hendelsen var enormt viktige for min del.»*

Ei anna beskriv korleis hennar engasjement i ungdomstida var flytande og i utvikling. Når ho var tidleg ungdom opplevde ho å få fleire eigne meiningar om kva som var rett og gale knytt til naturforvaltning, men at ho framleis mangla innsikt og erfaring. Nokre fortel at dei ikkje hadde ei særskild miljøbevisstheit i ungdomstida, og at andre på deira alder ikkje hadde dette heller.

## Ung vaksen

Mot slutten av ungdomstida beskriv ei at engasjementet hennar vart mindre synleg og ho opplevde at ho som ung vaksen laut tilpasse seg dei sosiale omgjevnadane hennar for å passe inn:

*«Ja, det var kanskje mer på slutten av ungdommen, da. Jeg var sånn 19-20, kanskje, at jeg fikk et mer pragmatisk forhold da. Mhm, og kanskje gikk liksom mer på at det var veldig slitsomt å ha så mange tanker og meninger, og føle seg mye, da. At det ble veldig slitsomt, for det var så få på en måte som delte mye av det synet mitt. Det kanskje var for ekstremt. Og så ellers også ikke sant, i forhold til det nettverk man har av venner og sånn og, så er det liksom det der at man... Det var faktisk noe som var veldig godt beskrevet her, som jeg leste i stad, faktisk... hvor vanskelig det er å leve i tråd med sine egne verdier i samfunnet. At man har mange tanker om hvordan det burde være, og så er det så sterke krefter, da. Og når man er ungdom også, så er det på en måte veldig avhengig av, aksept, sosial aksept, ikke sant? Som at du tilpasser deg til de omgivelsene som du er i, da. Selv om du kanskje innerst inne føler at det er feil. Og så prøver man egentlig bare å fortrenge det, og ikke tenke så mye på det. Og tenker kanskje heller at det kanskje det er ikke er nødvendigvis så riktig som man tenker. Og så prøver man å tilpasse seg. Og så blir det sånn. Så i 20-årene, da, tror jeg kanskje at jeg var mest sånn, sorgløs, i forhold til, til de tingene, da.»*

Ho beskriv tida som ung vaksen var ein periode der det å handle miljøvennleg krevde mykje energi sjølv om ho hadde eit engasjement i seg, og ho beskriv verdien av det å treffe andre som delar engasjementet:

*«Men så traff jeg jo en som bodde sammen med i kollektiv, som var minst like opptatt av miljø som meg. Så viste det seg at hun gjorde jo det, så da var det plutselig ikke så farlig lenger. Da føler man seg ikke som en frik, liksom.»*

Ei beskriv at engasjementet hennar fekk auka fofeste når ho begynte folkehøgskule og flytta til ein ny by:

*«Eg tror det var noe som skjedde når eg begynte på folkehøyskole. Når man var et lite samfunn, der var det var veldig mange forskjellige personligheter som eg aldri hadde møtt før... Det var mer tydelig at andre var, både politisk- og miljøengasjert, og det og var med på påvirke. Og eg tror der og var det med å fikse klær, og kjøpte brukt på en måte, at eg fikk en sånn ... Eg skjønnte nytten, og kvaliteten av det.»*

## Vaksen

Fleire beskriv mindre grad av bekymring og fokus på miljø i tida som ung vaksen.

Engasjementet var meir dempa i denne perioden, det fekk mindre plass og fokus og det tok mindre tid. Alle beskriv ei auke i engasjement som vaksne, viktigheita av nære venar og familie vert fremja, då særst verdien av å ha ein partner som visar at dei støttar dei i engasjementet deira. Ei beskriv dette slik:

*«Man blir mer trygg i seg sjøl og, ja. Det som også tror jeg har gjort at jeg har blitt tryggere i meg sjøl og mine egne tanker og meninger er at jeg også, etter at jeg fikk samboer da, så har liksom, den der knutepunktet hjemme, som på en måte gir en sånn trygg base da.»*

Dei som har born beskriv at dei har opplevd ei auke i engasjementet etter at dei fekk born. Ei beskriv bekymringar over korleis vi behandlar kloden og kvarandre, og når ho fekk born vart fokuset på miljø ekstra sterkt:

*«Ja, det ble mere viktig fordi at, at, jeg har ansvar for noen som skal leve lengre enn meg, ikke sant. Ja. Selvfølgelig jeg syntes det var viktig, viktig før det og, men det ble jo enda mere, holdt på å si kritisk da, når en velger å sette barn til verden.»*

Ein av beskriv at han vart meir bevisst kor viktig naturen i nærmiljøet var for han sjølv som born etter han sjølv fekk born og reflekterer over korleis engasjementet vert påverka av livsfasar:

*«Men der eg vokste opp, så var det et friområde. Det var egentlig bare et skogsområde rett bak huset. Så var veldig viktig for oss, ja, barn i nabolaget, vi tumla rundt i, bygget hutta og klatra i trær og ha tikken og sånne i skogen der. Og eg skjønnte ikkje sånn. Då var det bare en kjekk plass å ver. Men nå som eg sjøl er blitt småbarnsfar, så ser eg ekstremt verdien av det, for å ha den type plasser tilgjengelig for de små barna... for det er egentlig bare ei stripa som er grønne. Men som barn var det jo kjempesvært. Då ble det vill natur rett i nabolaget... for han så er det villmark å gå ut i et lite grønt område, traske rundt i skauen og plukka med seg ein pinne. Så det er sånn der eg ser miljøperspektiv og endrer seg med livsfasar.»*

Ei anna intervjuperson fortel at ho pendla til arbeid i ein anna by og følte det tok for mykje tid vekk frå dottera si, ho valde å byte jobb for å ha meir tid med familien. Ho fortel at ho gjennom å byte arbeid også fekk meir tid til å bruke på å engasjere seg i miljø i ei foreining på fritida. Ei av intervjupersonane beskriv at hennar engasjement fyrst begynte å vekse som ung

vaksen og fyrst fekk meir plass i livet hennar etter ho vart vaksen. Ho beskriv ei bevisstgjerjing og auke i engasjement etter at ho flytta for å studere og vart eksponert for store mengder søppel dagleg:

*«Jeg tror jeg ble engasjert fordi jeg så så mye når jeg gikk til og fra i byen. Det var jo der det tippet. For der var det liksom så synlig og så mye. Så det var det som lagde det litt ekstra engasjement da.»*

Ho beskriv at ho nokre år seinare opplevde at engasjementet auka ytterlegare, etter at ho fekk dottera si og var i fødselspermisjon begynte ho å gå trilleturar i nærmiljøet, då begynte ho å samle meir søppel enn ho hadde gjort tidlegare. Ho fortel og om eit tiltak som oppmuntra folk over heile landet å plukke søppel som ho vart med på som innverknadsfullt på hennar miljøhandling. Etter å ha plukka ein søppelpose såg ho kor mykje som framleis låg att, og då valde ho fortsetje å handle for å rydde opp framover. Nokre peikar på bevisstgjerjing eller endring som viktig for å utvikla engasjementet, ei beskriv dette slik:

*«Så man trenger kanskje en eller annen sånn trigger eller ting som får det til å switche å bevisstgjøre deg på at du kan gjøre noe for det da. Kanskje du kan gjøre noe med det.»*

## 5.3 Sosialt fellesskap

### 5.3.1 Sosial støtte i nære relasjonar

I historiene menneske fortalde knytt til ulike fasar og vendepunkt i engasjementet deira er det ofte fokusert på korleis kva innverknad menneske dei har omgåve seg har hatt for sitt eige engasjement. Alle fremjar viktigheita av å ha nære sosiale relasjonar til nokon som på eit eller anna sett støttar engasjementet deira, dette gjer det lettare å handle i tråd med eigne verdiar. Å få støtte i engasjementet sitt beskriv fleir at kan ta tid. Familie og nære venar er fremja som mest viktige for opplevd støtte.

Fleire seier at dei ikkje er naudsynt at støtte dei eventuelt får av omgjevnadane ikkje kunn handlar om at personane har det same engasjementet som dei sjølve. Dei fremjar at støtta kan kome i andre formar; du får ein trygg base, eit knutepunkt, nokon er der for deg. Du får aksept for kven du er. Du har ein heia-gjeng, menneske som ikkje er einige om alt, men som ser

verdien av engasjementet ditt. Å vere engasjert er sett som noko positivt. Dei gjev deg ikkje negativ motstand:

*«Kanskje støtte i styst grad av å ikkje gje negativ motstand. Altså, det trur eg heile vennegjengen er veldig prega av liksom, merr sånn heia, heia på kverrandre sine engasjement uansett om det er idrett ellar klima ellar biologi ellar psykologi ellar ka det måtte ver, det er merr sånn, “fett! Kult!”Ka er det som opptar deg nå? Ka er det som er spennande nå? Og så heies det fram.»*

Intervjupersonane beskriv at dei ikkje har hatt spesielle rollemodellar som viktige for engasjementet sitt. Somme beskriv å ha sett opp til nokon, som foreldre eller besteforeldre, og at deira handlingar kan vere ei kjelde til inspirasjon, ein beskriv dette slik:

*«Men eg blei jo merr inspirert av min far for eksempel, og hans måte å snakka om tema og reflektera og gjørr konkrete valg og ha viss ryggrad, ting han står for. Det er et bedre forbilde, syns eg då.»*

### 5.3.2 Det større sosiale fellesskapet

Å vere rundt andre som engasjert gjer ei kjensle av fellesskap som kan styrke eige engasjement:

*«Og så er det gode dugnader hvor vi er sammen da folk, i alle aldre med samme interesse for, lokale tiltak da, og det er veldig positivt altså. Så det er også litt sånn boost på dette her med å tenke at, ja det er flere som tenker ivaretakelse av natur og mindre forbruk.»*

Eit sosialt fellesskap kan bidra til kjensle av meningsfullheit:

*«Jeg synes det er så fint nå, i naturvernforbundet, å ha funnet noen som liksom deler mye av de samme interessene, og ha noen man kan snakke med og jobbe litt sånn aktivt med da. Det føles meningsfullt.»*

Det vert også fremja at det kan vere givande og inspirerande å vere ein del av noko større:

*«Jeg synes det er givende. Jeg synes det er givende i form av at gir, det at man faktisk jobber med det sjøl- og at man ser hva andre gjør. Det er en inspirasjon. At man blir ikke helt motløs.»*

Sosiale aspekt vert av fleire beskrive å verke mest inn på engasjementet i tida dei var ungdom og ung vaksen. I denne alderen opplev fleire eit fråvær av menneske rundt seg som deler engasjementet. Fleire beskriv at det er lettare å stå i det å ha mindre grad av sosialt fellesskap og samtidig oppretthalde eit miljøengasjement når ein vert eldre i forhold til når ein er ung:

*«Men så blir man jo veldig sånn, man er så uselvstendig, og blir så veldig prega av de rundt seg, hva man velger å gjøre og.. Om jeg kunne ha velge i dag, så det hadde vært helt annerledes, ikke sant? Med den innsikten og tryggheten i meg sjøl, som jeg har i dag da.»*

Nokre få beskriv at dei har opplevd å få positive tilbakemeldingar frå omgjevnadane knytt til engasjementet sitt. Ei utfordring intervjupersonane opplev er at avstanden mellom ord og handling hjå andre kan vere stor, mange er einige i teorien men tek ikkje sitt ansvar i praksis.

## 5.4 Kvifor kjennest det viktig å bry seg om miljøet?

### 5.4.1 Verdien av naturen

Alle intervjupersonane beskriv det å vere ute som noko dei knyter til glede og fire av fem beskriv at naturen har vore viktig for miljøengasjementet deira. Ei beskriv korleis ho utvikla glede for naturen som born og korleis denne er med ho i dag:

*«Hele oppveksten min så hadde jeg besteforeldre som bodde på et småbruk, og jeg var der så fort jeg hadde anledning. Og da var det sånn; tre kyr, et par griser og en hest og sau, så sånn ordentlig småbruk. Der var jeg å jobba, jeg var med bestefar på laksnota... fangst og fiske, og jeg var i skogen å planta trær og var med på tømmerhogst og så jeg fikk inn gleden med naturen, etter hvert som jeg ble større og skjønte betydninga av det. Jeg var jo med da når jeg var liten, men etter hvert så såg jeg mere sammenhenger og sånn. Og det gjør jo at natur, avhengigheten av natur, har blitt en bit av meg.»*

Nokre beskriv at dei har kjend på kjærleik for naturen sidan dei var born. Naturen gjer godt, og det som gjer godt lyt ein verne om. Fleire fortel om foreldre og besteforeldre som har vist og formidla ei glede over å vere ute og vist ei omsorg for naturen. Fleire beskriv sterke minne eller opplevingar knytt til natur frå dei var born som har satt spor. Desse minna er knytt til både sorg over dyr og natur som ikkje er forvalta på ei god måte, men og over gleda og underet det er å vera i naturen. Ei fortel om ei naturoppleving som rørte ho sterkt som born:



*«Men jeg husker en gang, da var jeg liten, en, kunne ha vært en 7-8 år, når vi hadde en stor tomt med nedoverbakker og jeg var ute og lagde skibakke. Og det kom sånn nordlys, rosa og grønt, og jeg husker jeg gråt når jeg såg det, det var så fantastisk. Og det er et sånt kjempesterkt naturminne fra en unge altså, det var helt vilt. Det er sånn, jeg tror ikke, ikke, noen kan forstå det.. Det var sterkt.»*

Ei beskriv gleda over å arbeide i jorda og sjå det gro, meistringa ein kan kjenne på og den indre roa det gjev, natur gjev styrke. Ho beskriv tida si i naturen som verdifull, som noko som gjev glede og håp. Fleire beskriv det som godt for mental helse knytt til det å bruke tid i naturen. Glede og interesse i naturen kan auke bevisstheit over korleis vi behandlar den beskriv ei:

*«Det har vært med på å øke en interesse og en glede i å være ute. Og då tror eg og at, når man har den gleden, så ser man hvordan vi isje tar vare på naturen på en god måte.»*

Naturen har eigenverdi i kraft av det å vere natur, den har verdi i seg sjølv, uavhengig av kva den kan bidra med for oss menneske. Natur og dyr har ein verdi utover det å vere til nytte for oss menneske. Ei knyter natur og miljø saman og beskriv verdien natur har:

*«Så det kan jo si at det som på en måte, for meg, miljøet, det er jo ikke bare klima. Det er jo vel så mye naturen i seg selv. Altså naturens egenverdi. Selvefølgelig den verdien den har for oss. Men det er vel så mye i dens egen verdi, faktisk. Og det vil jeg vel si at jeg har liksom bare følt en sånn kjærlighet til naturen siden jeg var liten. Ja, hvor man liksom bare det å høgge ned et tre kunne oppleves traumatisk, ikke sant? Så det er.. Det er vel de tingene som opptar meg. Og dyr, dyrevelferd. Og da tenker jeg jo ikke bare på tamme dyr, jeg mener absolutt, men også på ville dyr da.»*

Fleire beskriv frustrasjon når andre ikkje verkar verdsetje naturen, ei beskriv det slik:

*«Jeg skulle bare ønske folk brydde seg. At vi brydde oss litt om verden. At det ikke så sånn ut. At vi ikke gikk til bussen hver dag og så går vi forbi kaffekopper, snusposer og røyk, og tenker at det er greit liksom. Og ikke reagerer på det en gang. At det er en del av bybildet ditt. Jeg skulle ønske du kanskje tenkte at du ville se vårblomster i stedet for bæsjeposene som tittet frem.»*

Det å vise omsorg og empati for andre vert fremja som viktig for fleire, både i oppvekst og som vaksen. Ei beskriv at korleis bestefar hennar viste omsut for dyr når ho sjølv var born:

*«Men ellers så har jeg jo liksom hatt en bestefar som kunne veldig mye om, om sopp og om fugler, sånn at når vi var i tur, så lærte han meg mye om det. Han hadde veldig sånn omsorg for fuglene hjemme, som han så på fuglebrett, og tok de inn hvis de hadde brukt et bein, ikke sant? Og prøvde å spjelke dem med fyrstikker.»*

Ho beskriv at ho sjølv delte denne omsuta for natur og det som lev som born og at dette følgjer ho framleis:

*«Så jeg har nok en sånn, hva jeg skal si for noe, at jeg føler en sånn omsorg for naturen, ja, og alt som lever, om det er dyr eller planter.»*

## 5.4.2 Kunnskap og bevisstheit

Intervjupersonane beskriv at generell kunnskap om miljø og berekraft er noko vi alle har med oss. I somme tilfelle er det vanskeleg å ha nok inngåande kunnskap og det kan gjere det meir utfordrande å velje rett. Kunnskap beskrivast og som viktig for å kunne sjå mogelegheiter ein har. Det å kunne sy, dyrke, strikke eller liknande er ei kunnskap som fleire fremjar som hjelpsam for å sjå potensiale i det ein har. Fleire beskriv at kunnskap i seg sjølv er utilstrekkeleg, det er noko meir som må til for å handle i tråd med kunnskapen. Alle beskriv bevisstheit som avgjerande for at ein skal handle. Ein intervjuperson beskriv dette slik:

*«Jeg tror ikke man er bevisst på det. Sjøppel er liksom sånn, du ser det ikke før du ser det på en måte. Fordi du blir blind på ting du ser mye. Man tar det ikke inn. Fordi det er liksom bare alltid der.»*

Auke i bevisstheit beskrivast at kan blant anna kome frå tidlegare erfaringar eller byte av miljø. Ei beskriv turar til ei familiehytte utan innlagt vatn der ho beskriv at ho kjende på verdien av å ta vare på ressursar:

*«..for eksempel når du skal koke egg, så sparer du på det vannet, for det kan du bruke til å oppvasken etterpå, ikke sant? Sånne ting da, som jeg tenker at egentlig, koster veldig lite, men vi har bare fått sånn vane... folk tenker ikke over det i hverdagene i det hele tatt, for ting har blitt så enkelt.»*

Fleire beskriv og bevisstheita som i utvikling og som noko som veks med alder. Ei beskriv at ho utvikla ei større kritisk refleksjon over kva som er rett og gale og evna til å sjå ting i

samanheng. Ei auka grad av tryggleik i seg sjølv vert peika på å styrka bevisstheita. Fleire har eit stort ønske om at andre menneske skal utvikle ei større bevisstheit over miljø og at det ansvaret ikkje kan ligge på individet aleine.

### 5.4.3 Ansvar

Fleire beskriv at det ikkje var høgt fokus på miljø når dei vaks opp, men at det vart til dømes vart vektlagt ei forventning om at ein skulle halde miljøet rundt seg søppelfritt. Ei beskriv dette kan ha hatt innverknad på utvikling av ei miljøforståing. I intervju er det stort fokus på verdien og naudsyntheita av kvar enkelt lyt ta ansvar for å oppnå endring. Samt at vi har alle eit individuelt ansvar, har samfunnet og eit ansvar for å legge til rette. Ein reflekterer rundt denne tosidigheita og at det nyttar å ta ansvar:

*«Men ka det betyr for meg, så tenker eg at vi alle har et ansvar for våre egne handlinger. Det er jo på en måte strukturelle ting som kanskje er større, på en måte, kan få større konsekvens hvis man endrar. Men så tenker eg litt sånn at, en dråpe i havet liksom, at alle handlingar man gjør, kan generere endringar hos seg sjøl og de rundt seg.»*

Ei beskriv at ho opplev at folk synes det er kjedeleg og unngår å ta ansvaret sitt med å plukke opp søppel etter seg, sjølv om dei vert gjort merksame på det. Det vert til dømes posta bilete av forsøpling på sosiale media med tekst som oppfordrar til den ansvarlege å rydde etter seg. Ho problematiserer denne måten å tenkje rundt miljø på, vi har alle eit ansvar over å løyse problemet, sjølv om ikkje alle er ansvarlege for å forårsake problemet:

*«Det er litt at man blir litt sånn bevisst at hvis jeg skal gjøre noe med dette så er det kanskje, ja, kan det like så godt være meg som noen andre.»*

Fleire peikar på at vi har eit moralsk ansvar for å handle. Ei peikar på at klimaendringane råkar ulikt og går hardare ut over nokre menneske enn andre. Ho beskriv at når ein er i ein økonomisk situasjon som betyr at ein kan velje å redusere levestandard utan at det går ut over livskvalitet så burde ein søkje å gjere dette. Fleire tenkjer og på komande generasjonar og deira mogelegheiter for å ha ei god framtid. Ein av informantane ser på hans engasjement for menneskerettigheitar som ein stor drivar for sitt miljøengasjement.

#### 5.4.4 Måtehald

Fire av fem beskriv personar i oppvekst som hadde verdiar knytt til måtehald som dei i dag set i samanheng med eit levesett som passar med miljøengasjement, ei beskriv det slik:

*«Noe eg huskar det er at eg synes farmor var veldig rar, fordi at hon gjenbrukte plastikkposar til det uendelige. Ehm, og på en på måte var, da tenkte eg at hon var gniten, men no tenkar jo eg at det bare er helt fantastisk. Og de der tørkede plastikkposene på en måte et sånn symbol nesten, på at man ser potensiale i det man har, og bruker det flere ganger.»*

Andre formar for måtehald som vert beskrive utover gjenbruk er til dømes det å kompostere og å dyrke sjølve. Det å ha knappe ressursar beskrivast som ein veg til bevisstgjerung over kva me forbrukar og at det kan auke måtehald. Fleire beskriv at det tilbake i historia har funnas ei knappheit av ressursar som var gjeldande i liva til intervjupersonane sine foreldre eller besteforeldre. Intervjupersonane seier at denne tankegangen om måtehald vart fremja når dei vaks opp, sjølv når det ikkje lenger var ei knappheit på ressursar. Ei beskriv ein far som hadde levd gjennom to verdskrigar og som var særst bevisst på å utnytte det ein hadde, dette tok han med seg sjølv i betre tider beskriv ho:

*«Vi tok vare på det vi fikk tak i, selv om vi bodde i et “greit sted” i en større by og hadde absolutt god råd og sånt så var det aldri noe overforbruk eller, det var en bevissthet da, på at ressurser var ikke uuttømmelig.»*

Alle beskriv eit levesett knytt til måtehald som ein måte dei i dag handlar for å ta vare på miljøet, som å redusere forbruk, det å attvinna, og å velje miljøvenlege transportmidlar som å ta tog over å fly. Ei beskriv at ho søker å unngå overkonsumering gjennom å ikkje feire jul.

### 5.5 Praktisk miljøhandling – eigne moglegheiter

#### 5.5.1 Sjå verdien av det ein har

Ein måte å handle miljøvennleg i kvardagen som vert beskrive er å sei seg nøgd med det ein har. Dette kan vere å skifte fokuset om kva som er viktig i livet, å sjå verdien av naturen rundt deg, eller verdien av å ha ei roleg helg med familien framfor å gjere ei aktivitet som er negativt for miljøet. Å ha ei innstilling til at alt ikkje lyt vere heilt nytt eller moderne for å

vere funksjonelt og godt nok. Det å bruke om att og omskape dei tinga ein har kan vere verdifullt utover det at det er bra for miljøet:

*«Det er noe med det å omskape ting, altså det har en annen historie. Du får noe personlig, som isje nødvendigvis alle andre har.»*

### 5.5.2 Å ta personleg ansvar og gjere det ein sjølv kan

Intervjupersonane beskriv viktigheita av å begynne med seg sjølv og eigne handlingsmogelegheit. Å redusere forbruk gjennom å velje kvalitet eller bruke om att det ein har er eit tema intervjupersonane fremjar som ei viktig miljøhandling i deira liv. Ei fortel at byen hennar har eit godt kollektivtrafikktilbod, og det er slik lettare velje vekk det å ha bil. Å velje ting som er mogeleg å gjennomføre for dei sjølve vert framsett som viktig for å kunne oppretthalda motivasjonen for å handle berekraftig i lengda. Fleire påpeikar at ein lyt gjere det rette valet enklare å ta, dette kan gjerast gjennom å innarbeide handlinga slik at den tek mindre kognitiv plass gjennom å skape gode system for seg sjølv. Det er viktig å bruke ressursar ein sjølv har i eller rundt seg. Ei beskriv at gjennom å anvende nettverket sitt fekk ho hjelp til reoperasjon av ei vaskemaskin og at slik unngjekk ho å måtte kaste den.

Intervjupersonane framsnakk evna til å i visse situasjonar kunne velgje det som er rett over det som enkelt. Fleire beskriv det å ta ansvar som noko som kan gå mot den menneskelege naturen. Intervjupersonane beskriv eit ansvar for å gjere som er rett, det er viktig å handle i tråd med eigne verdiar og haldningar, sjølv når det ikkje passar ein sjølv best. Fleire beskriv at dei prioriterer å kjøpe brukte klede, berekraftig mat, sortere avfall eller det å ta kollektiv transport sjølv når desse tinga kan krevje ekstra av dei. Ei viser til dette når ho plukkar søppel fordi ho meiner det å rett å gjere, sjølv om arbeidet i seg sjølv opplevast som noko negativt:

*«Det er kjempekjedelig å plukke søppel. Det er ekkelt. Det er matrester. Det er hundebæsposer som er klemt utover. Det er snus og røyk. Det er matrester. Det er ekkelt liksom. Du har jo ikke lyst til å plukke det.»*

Fleire beskriv det å handle sjølve knytt til det å ikkje gje opp, og det å kjenne at ein gjere noko aktivt for å vere med å vere ei løysing på problemet. Fleire beskriv at ein lyt prøve å ta ansvar sjølv når det opplevast som motlaust, og å søkje å vere bevisst si eiga påverknadskraft, om enn den er lita:

*«Jeg tror det har med å være bevisst, at du tenker at du kan gjøre en forskjell, og begynner å gjøre det bare... En bitteliten forskjell, men kanskje, ja en bitteliten forskjell.»*

Fleire beskriv at miljøutfordringane er omfattande, overveldande og krevjande å løyse, det ikkje bør stoppe dei, eller andre, frå handling. Nokre poengterer det å kunne ha to tankar i hovudet på ein gong, samtidig som ein ser det store bilete, har ein og fokus og ei tru på eigne individuelle val. Ei beskriv det som å tenke globalt, men handle lokalt.

Det å utfordre seg sjølv og tenke kreativt beskrivast av ei som viktig for å finne mogelegheiter til å handle i tråd med eigne overtydingar, når ein fyrst finn nye måtar å handle vil dei verte lettare å gjenta i framtida. Miljøhandlingar beskrivast som ein kontinuerleg prosess og ikkje noko ein vert ferdig med, det lyt gjerast kvar dag, for det er der heile tida.

Å velje det som opplevast rett beskrivast som betre enn å ikkje handle i det heile, sjølv når ein kanskje ikkje ser at eigne handlingar hjelp. Ei beskriv viktigheita av å søkje å handle på individnivå slik:

*«Jeg tror at det er viktig for at vi skal klare i hele tatt og ... overleve når vi ser dårlige nyheter, at man da vet at, jeg gjør i hvert fall noe.»*

Nokre beskriv det som svært ubehageleg når det ikkje kan handle i tråd med eigne verdier og at det er vanskeleg å verte sette i situasjonar der ein ikkje kan vere tru mot seg sjølv. Ei seier at situasjonar er noko som oppstår, sjølv om ein prøver å unngå dei. Då bør ein vise forståing og omsut for seg sjølv. Det at ein bryt mot sine verdier er ikkje ein grunn til å slutte å forsøkje.

### 5.5.3 Eigne mogelegheiter for å skapa endring

Fleire beskriv at gjennom individuelle val og handlingar kan ein påverke andre rundt seg som familie og venar. Ei beskriv korleis ho slutta med gåver til jol, etter kvart begynte mor hennar å sjå verdien av å vere restriktiv rundt julegåvehandel:

*«Ja, og så om man tenker tilbake på ringvirkninger i vann. Når jeg har tatt avstand til julegavehandling, så ser jeg jo at på en måte at min mor er mer restriktiv. Og, det og har tatt et par år»*

Ein beskriv at ein sjølv på individnivå kan prøve vere med å verke inn på kva normer som vert gjeldande i samfunnet. Han beskriv at vi i samfunnet gjev sosial anerkjenning til

aktivitetar og handlingar som ikkje er naudsynt er bra for miljøet eller oss sjølve. Han beskriv at her kan vi ta eit aktivt val:

*«Men at du heller anerkjenne og spør viss de gjørr noge som det for eksempel, å ta seg en fjelltur. Bra for folkehelse, det er lavt forbruk, og så vidare. Og heller spør og gir sosial kudos til det, så er det kanskje det enklaste grepet som det går an å gjørr. Altså, ka er det me anerkjenne som positive aktivitetar.»*

Han seier at ein her har ei moglegheit til å sjå miljøhandlingar som noko meir enn handlingar for miljøet:

*«Du må kunne se på de merr bærekraftige alternativene som bedre.»*

Når ein gjer dette vil dei og vere gode for deg i ditt liv samtidig som det er godt for miljøet.

Fleire er medlem av organisasjonar som å arbeider for å ta vare på miljøet, og ein kan søkje påverka den politiske agendaen gjennom desse. Sjølv om intervjupersonane alle vektlegg det å ta eige ansvar for å fremja miljø, så er det og eit viktig punkt som går attende i forteljingane:

*«Og ikkje bare masse små individuelle tiltak. Det er fint med individuelle tiltak, men, det e 'kje nok.»*

## 5.6 Samfunnsansvar - strukturelle forhold som påverkar engasjement

### 5.6.1 Miljøet opplevast som nedprioritert

Intervjupersonane stiller spørsmål ved samfunnet si prioritering av miljø, det vert ofte opplevd det å ta vare på miljøet lyt vike for andre omsyn, som det at profitt er viktigare enn miljø. Kva som verdsetjast i samfunnet vert og spegla i kva verdier vi har i samheldet vårt. Ein intervjuperson beskriv korleis han opplev at samfunnet verdset det å ha det travelt, og flyturar til utlandet, over andre opplevingar som kunne ha vore godt for oss og meir berekraftige:

*«Det er jo mye mer bærekraftig å ta det med ro, å gå en tur i sitt nabolag, i sitt friområde... Altså, det er lavare stress, det er lavare forbruk, det koste mindre pengar som er viktig i disse dagar her. Men likavell så er det, litt sann.. Noge stort å reisa avgårde. Det er jo de store hendelsene folk fortelle om.»*

Miljøhandlingar på samfunnsnivå opplevast å gå for seint, det trengst meir enn det som vert gjort i dag. Fleir etterspør større incentiv for det å handle miljømedvete samt betre

lovregulering. Å sørge for at produkta i butikken er produsert berekraftig opplevast å vere samfunnet sitt ansvar. Fleir beskriv og problematiserer at bedrifter «grønvaskar», enkeltmenneske unngår enkle val som kunne ha støtta opp under miljøet, reglar vert tøyge eller profitt vert prioritert over miljø. Fleire beskriv at aktørar som indirekte bidreg til problema også bør ta større ansvar for å rette opp i dei. Ein intervjuperson beskriv at bedrifter og det overordna samfunnet sit på makt som gjer at dei har store innverknadsmogelegheiter:

*«Jeg synes de burde tatt litt mer ansvar. De som har litt makt. Det har ikke jeg som en person. Vanskelig å forandre verden som en person.»*

Fleir vert påverka av det dei opplev er manglande ansvarstaking for miljø frå øvre politisk hald nasjonalt til det kommunale nivået, ei beskriv korleis ho vert påverka av denne mangelen på ansvar:

*«Jeg blir jo avmektig når jeg ser og hører politikere som åpner da opp for borrowing på havbunnen for eksempel, for det er så stikk i strid med det som er internasjonale politiske føringer, det er så stikk i strid med det.. imaget som Norge prøver å holde seg til. Ja, så det er veldig skuffende. Og da kan jeg bli avmektig på sånn storpolitikk-nivå, og også når det gjelder det med utbygginga og det lokale selvstyret på kommunalt nivå, som medfører så utarming av natur.»*

## 5.6.2 Negative kjensler knytt til manglande handling, og opplevinga av å stå aleine

Alle kjenner tidvis på kjensler som frustrasjon, irritasjon og oppgittheit rundt miljøutfordringane vi har i dag og korleis dei vert handterte. Dette gjer seg særst gjeldande når det på samfunnsnivå ikkje vert prioritert ansvaret over å i vareta miljøet. Ein beskriv dette slik:

*«Den der myre på Østlandet som låg i et verna område. Også, området var verna, heilt til de fant ut at me trengte å bygge en motorvei. Og så bygge de motorvei der. Ka, altså, nå blir eg irritert... Ka er poenget med å verna et område viss du sekunde du trengte det te industri eller næring så bygge du det nerr?»*

Fleire beskriv det å leve miljøvennleg kan opplevast som å gå mot straumen, at det i kulturen vår er tilrettelagt for at ein skal velje det enkle og lettvinde, sjølv om det er knytt til overforbruk og vil skade miljøet. Dette gjer det vanskeleg å leve i tråd med eigne verdiar:



*«Men jeg føler at jeg lever, virkelig, på tvers av mine egne verdier. Jeg tenker på det, og det går ikke en dag uten at jeg tenker på at man, ja, man er fanga i sånt, i et, hva skal jeg kalle det for noe? Et nett, sant. Eller på et tog som går en retning, i det og det tempo. Så er det ikke så lett å hoppe av, ikke sant?»*

Fleire andre trekk fram at det å vite at det finst andre engasjerte der ute kan vere motiverande for dei, og at det kan opplevast som positivt å vere ein del av eit større miljø som og har eit engasjement og det kan hjelpe på kjensla av å stå aleine. Det kunne ha vorte gjort meir med miljøproblem om det hadde vorte prioritert på samfunnsnivå. Ei beskriv at mogelegheitene våre til å handle hadde vore større om det var eit felles initiativ:

*«... at folk som har litt makt, hadde gått litt ut og sagt at nå rydder vi opp, for i teorien så kunne vi jo rydde opp overalt i hele Norge, hvis alle hadde brydd seg. Det er jo mulig.»*

## 5.7 Framtida

Mange uttrykker bekymring over framtida, fleire peikar til dømes på at det i verda i dag finst store utfordringar som vi ikkje gjer nok for å løyse. Fleire uttrykk bekymring over at vi ikkje prioriterer miljø og konsekvensane det kan få. Det opplevast som spesielt bekymrande at vi ikkje løyser utfordringar knytt til klima og miljø, då det opplevast at vi kunne ha hatt større påverknadskraft på å stogge denne utfordringa enn vi har på mange andre utfordringar i verda i dag. Det uttrykkast stor bekymring over korleis vi forvaltar naturen vår.

Alle intervjupersonane uttrykker at det er vanskeleg å tru på at det vil kunne skje ei stor endring på miljøfronten i næraste framtid, til det peikar dei på at utviklinga fram til i dag gått for seint. Fleire av intervjupersonane beskriv at dei har lite tru på at det nyttar å engasjere seg eller at det vil skje tilstrekkelege endringar. Dei vektlegg vidare at det er viktig å fortsetje å prøve og ikkje gje opp, sjølv når det verkar motlaust å handle.

Alle uttrykker at engasjementet deira ikkje vil forsvinna i framtida, men det peikast og på at engasjementet vil kunne endre seg med tid og variere i ulike fasar i livet. Nokre beskriv at dei

trur engasjementet vil fortsetje i auke etter kvart som tida går. Fleire beskriv ønskjer at engasjementet vil vere med dei i framtida:

*«Eg håper isje at eg vil slutte å være engasjert, og slutte å tenke at eg kan gjøre en endring.»*

## 6 Drøfting

Gjennom kvalitative livshistorie-intervju vart problemstillinga om kva forhold som kan vere med å fremja miljøengasjement utforska. For å svare på denne problemstillinga vart fem spesifikke forskingsspørsmål satt, desse spørsmåla er drøfta i kvart sitt underkapittel i denne delen. Utviklinga av engasjementet har variert i gjennom ulike fasar og for nokon auka gjennom vendepunkt. Sosial støtte og fellesskap, naturopplevingar og å sjå verdien av naturen, å bry seg om andre, å vere bevisst utfordringar og eige ansvar er forhold som intervjupersonane fortel at har fremja deira engasjement. Å søkje å handle miljøvennleg der det er mogeleg opplev intervjupersonane som ein viktig del av sitt engasjement.

### 6.1 Spesifikke erfaringar eller opplevingar i livet som har vore viktige for engasjementet

Opplevingar som har vore viktige for engasjementet til intervjupersonane er fleire stadar knytt til naturopplevingar som born. Fire av dei fem intervjupersonane beskriv at opplevingar i natur har vore viktig for miljøengasjementet deira, fleire beskriv sterke minne knytt til natur som born. Nokre av desse minna er knytt til glede og underet det er å vere i naturen, ein intervjuperson beskriv eit slikt sterkt minne i intervjua:

*«Men jeg husker en gang, da var jeg liten, en, kunne ha vært en 7-8 år, når vi hadde en stor tomt med nedoverbakker og jeg var ute og lagde skibakke. Og det kom sånn nordslys, rosa og grønt, og jeg husker jeg gråt når jeg såg det, det var så fantastisk. Og det er et sånt kjempesterkt naturminne fra en unge altså, det var helt vilt. Det er sånn, jeg tror ikke, ikke, noen kan forstå det.. Det var sterkt.»*

Denne opplevinga er knytt til fri leik ute, slike naturopplevingar som er utan spesielle krav eller distraksjonar, er funne å vere samanhengande med det å utvikle miljøengasjement (Wells & Lekies, 2006). Om born får involvere og interessere seg i naturen frå ei ung alder, så er det større sannsyn for at opplevinga vil følgje dei vidare på eit kraftfullt sett og forma forholdet deira til miljøet (Wells & Lekies, 2006). Dette sterke barndomsminnet kan vere eit døme på ei slik oppleving.

Fleire av intervjupersonane fortel og om minne der foreldre eller besteforeldre har vist og formidla glede og omsut for naturen. Ein intervjuperson beskriv at ho fekk inn glede over naturen på småbruket til besteforeldra:

*«Hele oppveksten min så hadde jeg besteforeldre som bodde på et småbruk, og jeg var der så fort jeg hadde anledning. Og da var det sånn; tre kyr, et par griser og en hest og sau, så sånn ordentlig småbruk. Der var jeg å jobba, jeg var med bestefar på laksnota... fangst og fiske, og jeg var i skogen å planta trær og var med på tømmerhogst og så jeg fikk inn gleden med naturen, etter hvert som jeg ble større og skjønnte betydninga av det. Jeg var jo med da når jeg var liten, men etter hvert så såg jeg mere sammenhenger og sånn. Og det gjør jo at natur, avhengigheten av natur, har blitt en bit av meg.»*

Fleire av aktivitetane her er beskrive er aktivitetar som er funne å ha samanheng med miljøvennlege haldningar, slik som fangst og fiske (Wells & Lekies, 2006). I sitatet beskriv intervjupersonen at ho og hadde kontakt med dyr. Nokre intervjupersonar fortel om opplevingar der dyr eller natur ikkje har vorte ivareteke på ein god måte der dei opplevde sorg, men dei fortel om opplevingar som formidlar glede, kjærleik og sterk omsut for det som lev. Desse kjenslene knytt til opplevingar med dyr eller natur kan peike på at fleire har stor empati for dette.

Myers og Saunders (2002, s. 154) hevdar at det å bry seg om dyr kan vere ei måte inn til å bry seg om den naturlege verda, når ein bryr seg om andre er ein sannsynlegvis oppteken av kva det individet treng og kva forhold som påverkar den si velvære. Empati til eit anna vesen kan det verke inn på omsut for miljøet som heilheit og leie påverke miljøengasjement (Kathayoon & Wharton, 2018; Myers & Sunders, 2002, s. 154). Ei fortel ein bestefar som hadde omsut for dyr:

*«Men ellers så har jeg jo liksom hatt en bestefar som kunne veldig mye om, om sopp og om fugler, sånn at når vi var i tur, så lærte han meg mye om det. Han hadde veldig sånn omsorg for fuglene hjemme, som han så på faglebrett, og tok de inn hvis de hadde brukt et bein, ikke sant? Og prøvde å spjelke dem med fyrstikker.»*

I denne opplevinga kan ein sjå innverknaden det ytre miljøet gjennom den sosiale formidlaren bestefar som uttrykkjer omsut for dyr. Intervjupersonen fortel og at ho sjølv kjende på omsut og empati for dyr, som born, dette kan sjåast i samanheng med det indre miljøet og hennar

kjensler. Slike opplevingar kan samstemme med det Chawla (1998) beskriv om at opplevingar som minnst som betydningsfulle og som motiverer til omsut og bekymring for den naturlege verda ofte er kjenneteikna av eit samspel mellom ytre og indre miljø.

Ei oppleving knytt til å bry seg om andre menneske kan ein sjå i denne opplevinga frå ei reise til ein flyktningeleir:

*«Der eg og et par andre bare blei sittande igjen og bare preika med palestinsk ungdom. Så uten at det var noye sånn arrangement, plan, agenda, eller me skulle fram til noye. Me blei bare sittande der og snakka. Og det var en sånn voldsom erkjennelse av kor sykt like me faktisk e. For då, då kunne eg då sitte i flyktningeleir, i Palestina, med folk som, der alle knota litt rundt på engelsk... plutselig så fant eg mine musikkfelles vennar i Palestina! Og då var det ikkje snakk om okkupasjon, eller krig, eller menneskerettighetar, eller noye sånt. Nei, det var bare, me er her som ungdommer og me snakker samene. Så akkurat den hendelsen var enormt viktige for min del.»*

For denne intervjupersonen er det å engasjere seg i menneskerettigheitane ei viktig føresetnad for han sitt engasjement for miljø. I narrativ teori vil dette kunne vere ei livshending, sjølv om reisa var planlagt på førehand er sjølv opplevinga og innverknaden på intervjupersonen noko uføreseieleg og unikt som gav ei varig endring hjå intervjupersonen (Elder et al., 1984; Elder & Shanahan, 1997; referert i Fosslund & Thorsen, 2010, s. 47). Denne opplevinga kan vise at empati for andre menneske er ein ressurs for å bry seg og utvikle miljøengasjement (Myers & Saunders, 2002).

## 6.2 Korleis engasjementet har endra seg gjennom livsløpet

Fasar og vendepunkt er eit gjennomgåande tema i utviklinga av miljøengasjement, engasjementet varierer, utviklar seg, styrkast og svekkast i ulike livsfasar. Fleire intervjupersonar beskriv opplevingar i barndommen knytt til naturen saman med familien. Dette vil kanskje vere i tråd med det Chawla (1998) fann, at i barndommen er faktorane med størst innverknad på seinare miljøengasjement erfaringar med naturlege område og familien. Dei fleste intervjupersonane opplevde ikkje eit spesielt miljøengasjement som born, men seier at opplevingar i barndommen kan ha lagt eit fundament for å utvikle dette seinare. Fosslund og Thorsen (2010, s. 65) seier at ei styrke ved livshistorier er nettopp at forteljaren kan knyte

saman tidlegare erfaringar og nåtid. Dei seier at forteljaren veit korleis det gjekk, og korleis hendingar har hatt innverknad på forhold seinare i livet. Fleire intervjupersonar beskriv at opplevingar i barndommen auka empati og glede for naturen, dette kan tyde på dei i denne fasen utvikla ei emosjonell tilknytning til miljøet. Alle beskriv mykje tid ute i natur i oppvekst i leik eller på tur. Born som ofte opplev naturen har større sannsynlegheit for å utvikla ei større emosjonell tilknytning til naturen og høgare støtte til å bevare biologisk mangfald (Soga et al., 2016). I modellen om miljøvennleg åtferd er emosjonell tilknytning ei viktig del av den miljøvennlege bevisstheita. Ein intervjuperson beskriv følgjande om sitt engasjement: «*Det vil sei altså, oppveksten la et godt grunnlag. Grunnleggande interesse og kompetanse.*» Dette kan sjåast i samanheng med omgrepet miljösensitivitet, interesse for miljøet er ei viktig faktor for å ønskje å handle miljøvennleg (Kollmus & Agyeman, 2002).

Ungdomstida var for dei fleste intervjupersonane ei tid der miljøengasjement ikkje tok så stor plass i livet deira. Ein intervjuperson opplevde derimot auke i engasjement i denne fasa i forbindelse med at han var aktiv i turistforeninga, han beskriv følgjande: «*Då fant eg liksom andre ungdommar og voksne ittekvert som va interessert i det sama.*» Dette vil kunne stemme med det Wallis og Loy (2021) beskriv at for miljøengasjert ungdom er oppfatninga av at vener delar engasjementet viktig. Viktigheita av det sosiale i tida som ungdom og korleis det påverka hennar tankar og handlingar knytt til miljø beskriv ein intervjuperson slik:

*«Og når man er ungdom også, så er det på en måte veldig avhengig av, aksept, sosial aksept, ikke sant? Som at du tilpasser deg til de omgivelsene som du er i, da. Selv om du kanskje innerst inne føler at det er feil. Og så prøver man egentlig bare å fortrenge det, og ikke tenke så mye på det. Og tenker kanskje heller at det kanskje det er ikke er nødvendigvis så riktig som man tenker. Og så prøver man å tilpasse seg. Og så blir det sånn.*

I dette sitatet beskriv intervjupersona at ho visste innerst inne at det var feil når ho var i omgjevnadar som ho ikkje opplevde at ønska å prioritere miljø, dette kan tyde på at ho har ei indre kjensle av miljø er viktig og at ho har ei positiv haldning til miljø. I sitatet beskriv intervjupersonen viktigheita av sosial aksept. Dette kan verke inn på subjektive normer og den opplevde åtferdskontrolla kan på grunn av dette kjennast låg, då utføringa av åtferda kan føre til lågare sosial aksept. Når ein ser dette opp mot TPÅ kan det verke som haldningane til miljø

er til stades, men at handling kanskje uteblir på grunn av faktorane subjektive normer og åtferdskontroll (Ajzen, 1991).

Det at det er vanskelegare å handle i ungdomstida betyr ikkje at ein sluttar å søkje å handle, ein intervjuperson beskriv at ho forsøkte å handla miljøvennleg, men at dette krevde mykje energi. Dette kan tyde på at om ein av faktorane, i dette tilfellet haldningar, er til stades og er høg så kan den fremja miljøvennleg handling sjølv om dei andre faktorane ikkje legg til rette for dette. Årsaka til dette kan kanskje finnast i modellen om miljøvennleg åtferd, den har med personlegheitstrekk og generelle verdiar i sine indre forhold som verkar inn på miljøvennleg åtferd (Kollmuss & Agyeman, 2002). Kanskje er det trekk ved denne personen, som saman med positive haldningar gjorde at ho framleis søkte å handle miljøbevisst.

Viktigheita av det sosiale for engasjementet kan ein tydeleg sjå i tida som ung vaksen. Fire av fem intervjupersonar beskriv ei gradvis endring i engasjementet etter dei flytta heimanfrå som ung vaksen og fleire koplar dette til kva menneske dei hadde rundt seg i denne tida. I denne fasa beskriv at dei begynte å sjå verdien i handlingar som er bra for miljøet. Ei beskriv dette slik:

*«Eg tror det var noe som skjedde når eg begynte på folkehøyskole. Når man var et lite samfunn, der var det var veldig mange forskjellige personligheter som eg aldri hadde møtt før... Det var mer tydelig at andre var, både politisk- og miljøengasjert, og det og var med på påvirke. Og eg tror der og var det med å fikse klær, og kjøpte brukt på en måte, at eg fikk en sånn ... Eg skjønnte nytten, og kvaliteten av det.»*

Det som intervjupersonen beskriv om å forstå nytta av det kan tyde på ei auke positiv haldning til miljøet i denne fasa. Å flytte heimanfrå til ein ny by kan og sjåast som eit vendepunkt, kanskje dette gjorde personen meir open for endringar knytt til engasjement. Intervjupersona beskriv at ho fekk kontakt med nye personlegdomar og haldningar, dette kan ha hatt innverknad på subjektive normer for kva som er akseptabelt eller forventa åtferd. I ungdomstida og som ung vaksen er vener ei viktig fremmarar for miljøengasjement beskriv Chawla (1998), dette kan sjåast ut å stemme for fleire av intervjupersonane.

I perioden som vaksen trekk alle fram opplevd sosial støtte som viktige for engasjementet. Sjølv om det å vere ein del av eit større sosialt fellesskap opplevast som viktig, fremjar intervjupersonane i dag at det som betyr mest er å ha gode menneske rundt seg som spelar dei

gode, uavhengig om desse andre og har eit engasjement eller ei. Ein beskriv at engasjementet hans auka i samband med eit vendepunkt: *Og så i løpet av studietidå så dabba det litt av, men så plukka eg opp den interessen, spesielt når eg møtte min nåverande samboar, då liksom blei det mye merr då.* I denne livsfasa har dei fleste intervjupersonane ein partner, fleire nemner god støtte og tryggleik frå partnaren sin. Tryggleik i seg sjølv og frå dei nære rundt seg er viktig for fleire intervjupersonar for å kunne oppretthalde sitt miljøengasjement. Dette kan tyde på at tryggleik, aksept og tilhøyrigheit vil kunne vere viktige forhold for engasjementet, at kjensler kan vere viktige for engasjement er beskrive i den miljøvennlege bevisstheita i modellen om miljøvennleg åtferd (Kollmuss & Agyeman, 2002).

For dei fire som har born har tida etter dei fekk born vore prega av eit auke i engasjementet. Dette vendepunktet i livet samanfall og med ei vending i engasjement. Ei beskriv at ho vart meir bekymra over miljø og framtidige generasjonar etter at ho fekk born. Det kan peike på at altruistiske verdiar vert høgare prioritert etter ein får born. Ei beskriv ei anna endring, det at ho begynte å legge merke til søppel:

*«Jeg tror jeg ble engasjert fordi jeg så så mye når jeg gikk til og fra i byen. Det var jo der det tippet. For der var det liksom så synlig og så mye. Så det var det som lagde det litt ekstra engasjement da.»*

Intervjupersonen knyt engasjementet til at ho såg så mykje søppel i byen. Dette kan tolkast som ei endring i haldningane til miljøet, det kan hende dei opplevast meir presserande etter å direkte verte konfrontert med det. Somme intervjupersonar beskriv at slike vendepunkt eller livsendringar kan vere betydningsfulle for miljøengasjement. I vaksen alder var miljøvennlege organisasjonar i følge Chawla (1998) funne å ha mest innverknad på miljøengasjement. Somme av intervjupersonane er med i slike miljøvennlege organisasjonar og fleire verdset fellesskapet i dette, men dette vert ikkje fremja som den viktigaste faktoren for å handle av intervjupersonane, sjølv om det opplevast som hjelpsam.

### 6.2.1 Opplivinga av eige engasjement i dag

Fleire uttrykk bekymring over korleis miljøet vert ivareteke. Slik klimabekymring seier Innocenti et al. (2023) at kan verke direkte inn og støttar opp under miljøvennleg handling. Dette verkar å samanfalle med det intervjupersonane fortel. Strukturar og samfunnet si prioritering av miljø er fremja av intervjupersonane som særskild bekymringsfullt. Fleire opplev at omsut for



miljøet på strukturelt nivå ofte må vike for andre omsyn, at miljø ikkje vert verdsett og at profitt får førerang framfor miljøet. Dette kan tyde på at dei opplev at verdiane i samheldet drivast av egoistiske verdiar, og ikkje at biosfæriske verdsetjast høgt (de Groot & Thøgersen, 2012, s. 146). Fleire beskriv ei kjensle av avmakt då store aktørar i samheldet ikkje tek ansvar. Det vert peika på at desse sit på stor innflyting og makt, og at endringar gjort på strukturnivå kunne ha fått mykje større positive konsekvensar for miljø enn kva dei klarar å utrette som enkeltpersonar:

*«... at folk som har litt makt, hadde gått litt ut og sagt at nå rydder vi opp, for i teorien så kunne vi jo rydde opp overalt i hele Norge, hvis alle hadde brydd seg. Det er jo mulig.»*

Dette kan tyde på at eksterne faktorar er ei viktig barriere for miljøvennleg åtferd gjennom redusert opplevd åtferdskontroll som Ajzen (1991) beskriv at er viktig for å handle. Alle intervjupersonane beskriv personlege handlingar for miljø, nokre er og involvert i organisasjonar og søker å handle for å endre strukturane rundt oss. Dette stemmer med modellen om miljøvennleg åtferd viser til at individ kan indirekte påverke eksterne faktorar (Kollmuss & Agyeman, 2002). Alle fremjar viktigheita av å handle der det er mogeleg, og det ofte er i den private sfære. Farjam et al. (2019) fann at det er ei haldning- og åtferdsgap hjå miljøengasjerte menneske, at dei handlar for miljøet når det er enkelt og krev liten innsats og unngår meir krevjande handlingar som kan ha større innsats og innverknad seier dei. Ut i frå det intervjupersonane fortel kan det tolkast som at det vil vere feil å legge ansvaret for ei slik potensiell haldning- og åtferdsgap på individnivå. Dei fortel at dei er ei del av eit større fellesskap, av og til lyt ein tilpasse seg andre for å ha mogelegheita til å delta i dette fellesskapet. Føringar på strukturnivå og kulturelle faktorar verkar inn på menneske sine liv, og ansvaret for å fremje miljøvennlegheit kan ikkje utelukkande leggjast på individnivå seier alle intervjupersonane. Ei av intervjupersonane beskriv følgjande om det å leve i eit samfunn som ho opplev ikkje gjer nok for miljøet:

*«Men jeg føler at jeg lever, virkelig, på tvers av mine egne verdier. Jeg tenker på det, og det går ikke en dag uten at jeg tenker på at man, ja, man er fanga i sånt, i et, hva skal jeg kalle det for noe? Et nett, sant. Eller på et tog som går en retning, i det og det tempo. Så er det ikke så lett å hoppe av, ikke sant?»*

Intervjupersonen beskriv at ho opplev å gå på tvers av egne verdiar, dette kan tyde på at ho opplev ei kognitiv dissonans og at denne ikkje har redusert denne gjennom å forklare det vekk

slik Farjam et al. (2019) opplevde at fleire menneske gjorde i deira studie. Somme peikar på at det å bry seg om miljøet kan opplevast som einsamt, dette kan tyde på at sosiale normer ikkje er sterke drivarar for engasjementet deira. Ansvar, måtehald og omsut er generelle verdiar som er fremja av intervjupersonane som viktige for engasjementet deira i dag. Saman med bevisstheit og kunnskap, fellesskap og sosial støtte, er dette fremja som dei viktigaste forholda for engasjementet deira i dag. Tid i naturen er beskrive som viktig i mange sine liv, dette kan stemme med det DeVille et al. (2021) fann om total tid i natur er knytt til auke i tilknytninga til naturen og større miljøengasjement.

Intervjupersonane uttrykker alle at dei ikkje trur engasjementet deira kjem til å forsvinne, fleire peikar på at dei trur det vil fortsetje å auke i framtida. Dette kan vere eit uttrykk for at dei opplever meistringstru eller åtferdskontroll, at dei kan ha ei innverknad, sjølv om den kan opplevast lita: *«Jeg tror det har med å være bevisst, at du tenker at du kan gjøre en forskjell, og begynner å gjøre det bare... En bitteliten forskjell, men kanskje, ja en bitteliten forskjell.»*

Fleire uttrykker eit håp om at dei vil fortsetje å handle i framtida, ei beskriv dette slik: *«Eg håper isje at eg vil slutte å være engasjert, og slutte å tenke at eg kan gjøre en endring.»*

Ho beskriv at ho håpar at ho ikkje vil slutte å gjere ei endring, dette kan vere eit uttrykk for at ho håpar at åtferdskontrolla ikkje vil verte redusert i framtida og kanskje hindre ho frå å handle.

## 6.3 Faktorar som opplevast som viktige for å handle miljøvennleg

### 6.3.1 Verdiar som viktige for å bry seg om miljøet

For å undersøkje kva faktorar som formar miljøverdiar kan ein utforska miljøengasjerte menneske sine livserfaringar som har forma overtydingar og verdiar (Kollmuss & Agyeman, 2002, s. 251). I følgje VTN er verdiar den fyrste faktoren i ei årsakskjede som leiar til det å handle for miljøet (Stern et al., 1999). Om ein ser nærare på opplevingane beskrive av intervjupersonane å ha vore innverknadsfulle så er desse fleire gonger knytt til det å vise empati for andre menneske, dyr eller naturen. Dette kan knytast opp mot det Stern et al. (1999) seier kan motivere miljøvennlege handlingar, det å bry seg om andre og det naturlege miljøet. Dette reflekterer det som ligg i biosfæriske og altruistiske verdiar (de Groot & Steg, 2008, de Groot & Thøgersen, 2012, s. 146). Det er ikkje berre i tidlegare opplevingar at omsut

for den naturlege verda kjem fram i intervjupersonane sine forteljingar, det er også viktig i dag fortel denne intervjupersonen:

*«Så det kan jo si at det som på en måte, for meg, miljøet, det er jo ikke bare klima. Det er jo vel så mye naturen i seg selv. Altså naturens egenverdi. Selvfølgelig den verdien den har for oss. Men det er vel så mye i dens egen verdi, faktisk. Og det vil jeg vel si at jeg har liksom bare følt en sånn kjærlyghet til naturen siden jeg var liten. Ja, hvor man liksom bare det å høgge ned et tre kunne oppleves traumatisk, ikke sant? Så det er.. Det er vel de tingene som opptar meg. Og dyr, dyrevelferd. Og da tenker jeg jo ikke bare på tamme dyr, jeg mener absolutt, men også på ville dyr da.»*

Intervjupersonen fortel her om korleis ho tillegg naturen eigenverdi, dette reflekterer det biosfæriske verdiar er meint å fange, det å verdsetje og beskytte det naturlege miljøet for miljøet si eige skuld (de Groot & Thøgersen, 2012, s. 146). Ei anna verdi som er fremja at er viktig for miljøvennleg åtferd er altruistiske verdiar, desse verdiane reflekterer omsut for andre menneske si trivsel (de Groot & Thøgersen, 2012, s. 146). Opplevinga som ein intervjuperson fortalte om hans reise til flyktningeleir og påfølgjande sterkt engasjement for menneskerettigheitar peikar tydeleg på at altruistiske verdiar som høgt støtta hjå intervjupersonen. Vidare fortel han at omsuta for andre er ein viktig drivar for hans engasjement for miljø. Fleire andre peikar og på viktigheita av å ta omsut til andre, som å bry seg om framtidige generasjonar eller andre som miljøkonsekvensane går ut over. Dette er i tråd med VTN teorien seier om samanheng mellom om altruistiske verdiar og miljøvennlegheit (Stern et al., 1999).

Stern et al. (1999) beskriv at egoistiske verdiar kan og verke inn på miljøvennleg åtferd. Om egoistiske verdiar er det som motiverer åtferd så vil ein handle miljøvennleg når det får positive konsekvensar for ein sjølv seier Stern et al. (1999). Her seier ein informant noko interessant når han beskriv sine miljøhandlingar: *«Du må kunne se på de merr bærekraftige alternativene som bedre»*. I samband med dette fortel han:

*«Det er jo mye mer bærekraftig å ta det med ro, å gå en tur i sitt nabolag, i sitt friområde... Altså, det er lavare stress, det er lavare forbruk, det koste mindre pengar som er viktig i disse dagar her...»*.

Dette kan peike på at om ein verdset å ta vare på miljøet på bakgrunn av verdiar som biosfæriske eller altruistiske som både fremjar andre sine behov, så er ikkje det naudsynt ei

motsetnad mellom dette og det å få dekkja sine eigne behov gjennom å støtte egoistiske verdiar. Intervjupersonen peikar på at ein kan velje korleis ein ser på miljøhandlingane ein gjer og velje å sjå desse handlingane på ein sånn måte at egoistiske behov og vert dekkja. Dette same kan ein og sjå når intervjupersonane fremjar det å seie seg nøgd med det ein har, verdsetje måtehald og beskriv at det å skifte fokus på kva som er viktig i livet gjer det enklare å ta miljøvennlege val. Stern et al. (1999) seier at når egoistiske verdiar er viktige for oss vil vi handle miljøvennleg der dei tenkte personlege fordelane er større enn kostnaden, og omvendt. Det at dei anvende ordbruken «tenkte» fordelar kan dette tyde på at det er avhengig av kva individ sjølve definerer at er fordelaktig for seg sjølve. Egoistiske verdiar er tilsynelatande prioriterte lågare enn altruistiske eller biosfæriske verdiar hjå fleire av intervjupersonane. Dette er interessant å sjå opp mot med det Steg og Nordlund (2012, s. 191) seier om at egoistiske verdiar som negativt knytt til, og altruistiske og biosfæriske verdiar positivt knytt til auke i økologisk verdsbilete. Eit slikt verdsbilete vil i følgje VTN gje bevisstheit om korleis menneske har innverknad på miljøet samt dei negative konsekvensane av dette, og eit slikt verdsbilete er viktig for å forklare miljøvennlege handlingar (Stern et al., 1999).

### 6.3.2 Fleire interne faktorar

#### **Sosiale forhold**

Ikkje alle forhold som fremjar miljøvennlege handlingar kan naudsynt delast inn i eksterne og interne faktorar. Det sosiale og kulturelle si betydning for miljøhandling ligg i Kollmuss og Agymen (2002) sin modell i dei eksterne faktorane som fremjar miljøvennlege handlingar, men dei argumenterer sjølve for at den og overlappar med dei indre faktorane. At sosiale forhold kan støtte opp under miljøvennlegheit gjennom interne faktorar vert tydeleg når intervjupersonane fortel om kor viktig det er å oppleve sosial støtte, særskilt frå dei nærmaste rundt seg. Alle intervjupersonane fremjar viktigheita av å ha nokon som på eit eller anna sett støttar engasjementet deira, spesielt frå familie og nære venar. Intervjupersonane fortel at støtte dei får som hjelper dei å handle miljøvennleg handlar om forhold som å ha ein trygg base, eit knutepunkt, nokon som er der for dei og aksepterer dei som dei er. Ein beskriv viktigheita av å ha ein heia-gjeng, menneske rundt han som kan verdsetje engasjementet og setje pris på det, uavhengig om dei delar det same engasjementet eller ei. Dei beskriv at denne støtta gjer det å vere engasjerte lettare, når denne støtta har mangla beskriv fleire

intervjupersonar at det har vorte opplevd som ei barriere for å handle. Intervjupersonane vektlegg i størst grad dei interne forholda knytt til sitt sosiale liv som viktigast for å fremje miljøvennleg åtferd gjennom kjensler som tryggleik, aksept og tilknytning. Det kan tenkjast at å ha støtte hjå nære menneske gjer handlinga meir fordelaktig gjennom subjektive normer og at støtte fungerer som ressursar for å handle og styrkar opplevd åtferdskontroll, og slik aukar mogelegheiter for å handle slik Ajzen (1991) beskriv i TPÅ.

### **Kunnskap og bevisstheit**

Miljøkunnskap er fremja som viktig føresetnad for å handle av intervjupersonane, men fleire peikar på at dette er noko som vi alle i stor grad har. Kunnskap er i Kollmuss og Agyeman (2002) sin modell fremja som ei av hovudfaktorane og utgjer konseptet miljøvennleg bevisstheit. Kunnskap vil då vere ei viktig intern føresetnad for miljøhandling. Det kan stillast spørsmål ved om kunnskap burde og overlappe med eksterne faktorar, då kunnskap ofte kjem gjennom det offentlege, som utdanning, eller andre sosiale kanalar. På den andre sida gjer fleire intervjupersonar uttrykk for at spesifikk kunnskap om ulike produkt eller å ha tileigna seg spesifikke ferdigheiter gjennom kunnskap er av fleire er viktig og opplevast å kunne vere til hjelp for å handle miljøvennleg. Intervjupersonane uttrykker alle ei bekymring for miljøet. Saari et al. (2021) peika på at miljøkunnskap og oppfatta miljørisiko verkar inn på i kva grad ein er bekymra for miljøet, men at miljøbekymring aleine ikkje er nok til å fremje miljøhandlingar. Dette tyder på at kunnskap er ein vesentleg føresetnad å ha kunnskap for å prøve å gjere individuelle handlingar for miljøet, men som aleine ikkje ein faktor som er tilstrekkeleg for å forstå kvifor somme handlar miljøvennleg. For å handle seier intervjupersonane at det krev noko meir enn kunnskap, ein lyt vere bevisst kunnskapen og konsekvensane før ein kan handle ut i frå den. Ei beskriv dette slik:

*«Jeg tror ikke man er bevisst på det. Sjøppel er liksom sånn, du ser det ikke før du ser det på en måte. Fordi du blir blind på ting du ser mye. Man tar det ikke inn. Fordi det er liksom bare alltid der.»*

Dette kan sjåast i samanheng med det Ajzen (1991) seier i TPÅ om åtferd som ei funksjon av framtreddande informasjon eller overtendingar, han seier at menneske kan ha mange overtendingar om ei åtferd, men kan berre fokusere på eit relativt lite tal på eit gitt tidspunkt. Det kan hende at når intervjupersonen peikar på bevisstheit om miljø som viktig, så har ho miljø som ei framtreddande overtending og på grunn av dette vel å handle.

## Haldningar

Intervjupersonane beskriv at å kjenne at ein gjer noko aktivt for å løyse problemet opplevast som verdifullt. Om ein har ei positiv haldning til ei åtfærd vil det vere større sjanse for at ein handlar (Ajzen, 1991). Dette kan vere at ei person verdset resultatet av haldninga, trur den vil ha positive konsekvensar eller finn åtfærd tilfredsstillande å gjere. Intervjupersonane beskriv at dei set pris på resultatet av handlinga, sjølv om den ofte er sett å vere liten. Det kjennes betre ut å vite at ein har gjort noko, sjølv når ein ikkje kan sjå eventuelle positive utfall av handlinga: «*Jeg tror at det er viktig for at vi skal klare i hele tatt og ... overleve når vi ser dårlige nyheter, at man da vet at, jeg gjør i hvert fall noe.*»

Om åtfærd opplevast som positivt å gjere for ein sjølv er det ganske ulikt korleis intervjupersonane opplev det. Nokre peikar på at handlinga er både kjedeleg, tidkrevjande, er utan ende og at det er utfordrande å sjå nytta av arbeidet dei legg ned. Ein intervjuperson beskriv at stundom kan miljøvennlege handlingar kjennes tilfredsstillande å utføre, som å prioritere berekraftige aktivitetar:

*«Det er jo mye mer bærekraftig å ta det med ro, å gå en tur i sitt nabolag, i sitt friområde... Altså, det er lavare stress, det er lavare forbruk, det koste mindre pengar som er viktig i disse dagar her...»*

I denne delen av sitatet fremjar intervjupersonen det å fokusera på dei positive sidene ved å handle miljøvennleg, når ein veit at utfallet av handlinga er viktig kan ein og velje å sjå dei positive konsekvensane av å handle miljøvennleg for eins eige skuld.

Å ta ansvar vert fremja som viktig for å handle miljøbevisst. I dette legg intervjupersonane at ein følgjer opp verdiane og haldningane dei har til miljø gjennom å ta ansvar, sjølv når det kan vere utfordrande å stå i. Dette samsvarer med i stor grad med det VTN teorien fremjar om at eige oppleving av ansvar gjennom personlege normer er ein viktig variabel for miljøvennlegheit, dette skil seg frå TPÅ som legg vekt på dei subjektive normene (Ajzen, 1991; Stern et al., 1999). Skilnaden mellom desse to normene kan gjerne forklarast med om det opplevde presset til å handle opplevast å kome innanfrå eller utanfrå, men dette er kanskje ikkje så lett å skilje desse heilt frå kvarandre. Det kan tenkjast at intervjupersonane har internalisert subjektive normer og at dei har vorte personlege normer. Når intervjupersonane

har utvikla personlege normer om at å ta ansvar for miljøet er moralsk rett, så kan opplevinga av subjektive normer gjennom opplevd ytre sosialt press til å handle kanskje i større grad falle vekk. Om ein opplev press frå seg sjølv til å handle som er likt eller større enn dei rundt ein har, så vil ein kanskje ikkje kjenne på dei subjektive normene knytt til miljø lenger, sjølv om det kanskje fanst ytre forventningar som kan ha vore med å forma eigne personlege normer i fortida. Dette kan sjåast i samanheng med det Kim og Seoch (2019) fann om at subjektive normer, direkte eller indirekte verkar, inn på menneske si miljøvennlege åtfærd gjennom personlege normer. Det kan derfor ikkje sjåast vekk frå at subjektive normer kan ha innverknad på miljøengasjementet.

### **Meistringstru**

Å skape gode system for seg sjølve vert fremja av somme som viktige for å handle miljøbevisst, fleire refererer til dette som å gjere det rette valet enkelt å ta. Dette kan sjåast i samanheng med det Ajzen (1991) refererer til som åtfærdskontroll. Når ein opplev handlingar som automatisert og som lette å gjennomføre vil åtfærdskontrolla kunne kjennast høgare. Wai Yoong et al. (2018) fann at meistringstru har direkte samanheng med miljøvennlege handlingar for individ som er miljøengasjerte. Fleire ser mogelegheiter for handling i nettverket sitt, dei søker å tenke kreativt og fokuserer på eigne mogelegheiter for å handle. Å velje å legge ned innsats for miljøet på område der det kjennes gjennomførbart kan gje oppleving av meistring, og vil så igjen kunne styrke trua på si eige åtfærdskontroll i framtida (Green et al., 2019, s. 160). Dette vil i så fall kunne vere ein sjølvforsterkande prosess.

### **Personlegheitstrekk og kjensler**

Uthaldenheit vert og peika ut som av betydning av somme, å ikkje gje opp sjølv når det kjennest motlaust. Dette kan tyde på at det ikkje er nok at miljøvennleg handling er viktig for dei gjennom haldningar og verdiar, desse personlegdomstrekka eller setta å tenkje på er viktige for gjennomføringsevna. Dette kan sjåast i samanheng med dei interne faktorane i Kollmuss og Agyeman (2002) sin modell. Den viser at interne faktorar handlar om meir enn den miljøvennlege bevisstheita som består av kunnskap, kjenslemessig involvering og verdiar/haldningar. Som eit lag rundt den miljøvennlege bevisstheita ligg generelle verdiar og personlegdomstrekk, og saman verkar desse interne faktorane inn på om ein handlar miljøvennleg eller ei.

Zelenski og Desrochers (2021) fann at positive kjensler som ærefrykt, takknemlegheit og medkjensle kan ha innverknad på miljøvennleg åtferd. Kjensler er og fremja som ei viktig faktor for handling i Kollmuss og Agyeman (2002) sin modell. I intervjuar er kjensler ofte fremja av intervjupersonane som viktige for å handle, slik som håp og medkjensle. Fleire intervjupersonar beskriv at det å bry seg er viktig for å handle, det kan kunne tolkast som at det å handle er ein måte å vise at ein bryr seg på:

*«... at folk som har litt makt, hadde gått litt ut og sagt at nå rydder vi opp, for i teorien så kunne vi jo rydde opp overalt i hele Norge, hvis alle hadde brydd seg. Det er jo mulig.»*

Det å bry seg kan vere eit sett å vise omsut på. Å ha empati og vise omsut er fremja som viktig for å handle av intervjupersonane på to måtar. Det er viktig å bry seg om miljøet og andre menneske og når ein bryr seg er det fremja som viktig å vise dette gjennom handling. Den andre måten somme intervjupersonar fortel at det er viktig å vise omsut på, er ovanfor seg sjølv. I dette legg ein av intervjupersonane at når ein handlar vil ein stundom gjere ei handling ikkje er i tråd med eigne verdiar knytt til miljø. Om ein viser omsut for seg sjølv og aksepterer at ein ikkje alltid kan velje det som opplevast rett, så vil det vere lettare å fortsetje å søkje å handle miljøvennleg og hjelpe ein til å ikkje gje opp når sånne situasjonar oppstår. Det kan tyde på at omsut for ein sjølv er viktig for opplevd åtferdskontroll, og slik styrke handling (Ajzen, 1991). Fleire kjenner og på negative kjensler knytt til at det ikkje vert gjort nok for miljøet som frustrasjon, irritasjon og oppgittheit. Det å bry seg om miljøet er viktig i det økologiske verdsbilete i VTN si årsakskjede, det kan vere at desse kjenslene er eit resultat av det å ha eit økologisk verdsbilete i eit samhelde der intervjupersonane opplev at miljøet vert tilstrekkeleg prioritert (Stern et al., 1999).

### 6.3.3 Eksterne faktorar

At sosiale faktorar også ligg i dei eksterne forholda som verkar inn på miljøengasjement slik som Kollmuss og Agyeman (2002) beskriv vert synleg når intervjupersonane beskriv at sosiale fellesskap i nærmiljø eller i organisasjonar kan vere viktige for miljøengasjementet. Ei beskriv eit slikt sosialt fellesskap slik:

*«Og så er det gode dugnader hvor vi er sammen da folk, i alle aldre med samme interesse for, lokale tiltak da, og det er veldig positivt altså. Så det er også litt sånn*



*boost på dette her med å tenke at, ja det er flere som tenker ivaretagelse av natur og mindre forbruk.»*

I sitatet over beskriv intervjupersonen at det å vere ein del av eit sosialt fellesskap knytt til miljø hjelper å bevisstgjere at ein ikkje står aleine. Leviston et al. (2024) beskrev at dei som har lita tru på at andre er opptekne av miljø og har lågare tru på at dei sjølve kan handle miljøvennleg. Det kan altså tenkjast at å ta del i slike fellesskap, slik som fleire av intervjupersonane gjer, aukar eige tru på å handle og opplevd åtferdskontroll (Ajzen, 1991). Det kan hende at det skulle finnast haldningar i desse fellesskapa som bygger opp under opplevde subjektive normer knytt til å handle miljøvennleg, men det er ikkje noko som i så fall kjem fram i intervjuet. Ingen av intervjupersonane beskriv eit opplevd press frå andre mot det å handle, heller ofte tvert om. Det dei ikkje opplev at normene i samfunnet støttar miljø tilstrekkeleg kan tolkast å vere ei ekstern barriere for å handle.

Ein av intervjupersonane beskriv ei oppleving av å gå i mot subjektive eller sosiale normer knytt til miljø, han beskriv at ein sjølv kan vere med på endre kva andre forventar og verdset og slik vere med å endre andre si oppfatning av kva ein sjølv burde gjere:

*«Men at du heller anerkjenne og spør viss de gjørr no som det for eksempel, å ta seg en fjelltur. Bra for folkehelse, det er lavt forbruk, og så vidare. Og heller spør og gir sosial kudos til det, så er det kanskje det enklaste grepet som det går an å gjørr. Altså, ka er det me anerkjenne som positive aktiviteter.»*

Fleire andre beskriv dette med at kva andre forventar av ein kan endra seg noko, over tid kan engasjementet smitta over på andre som står nær dei slik at dei vert meir miljøvennleg innstilt.

Praktiske moglegheiter som god kollektivtransport er nemnt av nokre intervjupersonar som hjelpsamt for å handle miljøbevisst. Ut i frå modellen til Kollmuss og Agyeman (2002) vil tilgang på kollektivtransport vere ein av institusjonell faktor innanfor dei eksterne forholda som verkar inn på miljøvennleg handling. I modellen om miljøvennleg åtferd ser ein «mangel på eksterne moglegheiter og insentiv» som ei barriere for miljøvennleg handling, denne barrieren kan føre til redusert åtferdskontroll. Intervjupersonane anerkjenner fleire eksterne barrierar som politikk, lovreguleringar og kultur, som ikkje prioriterer miljø. Ei beskriv dette slik: *«Jeg synes de burde tatt litt mer ansvar. De som har litt makt. Det har ikke jeg som en person. Vanskelig å forandre verden som en person.»* Fleire kjenner på slik avmakt, men

intervjupersonane fortel at dei søkjer å handle likevel. Det at det finst barrierar som hindrar miljøvennleg handling fortel intervjupersonane at ikkje treng å hindre ein frå å handle der dei har mogelegheit.

Eksterne faktorar for å handle miljøvennleg er generelt i mindre grad fremja av intervjupersonane som viktige for personleg miljøvennleg handling enn interne faktorar, dette er interessant å sjå opp i mot det Li et al. (2009) fann om at interne faktorar gjer betre forståing av miljøvennleg handling enn dei eksterne. Ein kan og sjå dette i samband med det Stern et al. (1999) beskriv om at sosiale rørsler, slik som engasjement for miljøet, er krefter for sosiale endringar og kan derfor ikkje bygge på dei eksterne sosiale normene som finst. Dei seier vidare at personlege normer er viktigare enn subjektive normer for å forstå menneske sine miljøvennlege handlingar. Dette betyr ikkje nausynt at eksterne forhold ikkje er viktige, eksterne forhold kan kanskje vere vel så viktige for å forklare kvifor menneske handlar som dei gjer knytt til miljø. Skilnaden kan ligge i at dei opplevde eksterne barrierane for å handle er noko som dei med miljøengasjement klarar i større grad å overkomme. På den andre sida kan det og tenkjast at om intervjupersonane hadde eit særst høgt fokus på eksterne faktorar, som hovudsakeleg ligg utanfor eige kontroll, så ville det ha auka opplevinga av utfordringar som står i vegen for å handle, og at det ville kunne fungere som ei barriere mot å handle gjennom redusert opplevd åtferdskontroll.

## 7 Avslutning

For å undersøkje kva forhold som kan vere med å fremja miljøengasjement vart det gjennomført kvalitative livshistorie-intervju med miljøengasjerte menneske. Når menneske har eit slikt engasjement vil dei ha ei intensjon om å handle for miljøet gjennom å redusere dei negative innverknadane, eller gjennom å auka dei positive innverknadane, som dei har på miljøet (Steg & Vlek, 2009). Miljøengasjerte menneske sine livshistorier kan gje verdifull kunnskap om forhold som fremjar miljøvennlegheit og kan gje innsikt i korleis dei har overkomme barrierar (Hards, 2012). I dette livshistoriske materiale er der ikkje eit poenget søkje å innhente bevis, men å utvikle forståing (Thorsen & Fosslund, 2010, s. 63). Det handlar om å forstå liv gjennom det at intervjupersonane kontekstualiserer livshendingar og gjev dei ei personleg meining ut i frå sine livserfaringar (Thorsen & Fosslund, 2010, s. 63).

Datamaterialet vart analysert gjennom tematisk narrativ analyse og fleire tema vart utvikla. Utviklinga av engasjement beskriv intervjupersonane at har variert gjennom ulike fasar, for mange er dette knytt til opplevinga av å få sosial støtte i nære relasjonar. Vendepunkt, som det å flytte heimanfrå og det å få born, samanfall for fleire med eit auke i engasjement. Opplevingar i natur gjennom livet er noko intervjupersonane beskriv at dei har sett pris på, og fleire beskriv at gleda over å vere i naturen har vore viktig for deira miljøengasjement. Bevisstheit og det å bry seg om andre er fremja i intervjuet som ei viktig føresetnad for å ønskje å ivareta miljøet. Fleire av intervjupersonane fortel at dei opplev at naturen har ein eigenverdi og at dette er ei av drivarane for deira engasjement for miljøet. For å handle beskriv dei at det er viktig å sjå verdien av det ein har og kunne verdsetje eit liv som er i tråd med miljøvennleg utvikling. Vidare utforsking på korleis slike verdiar skapast kan potensielt gje viktig kunnskap om korleis ein kan legge til rette for å fremje miljøengasjement.

Intervjupersonane søkjer å handle der dei har personleg mogelegheit til det. Den største opplevde barrieren for å handle beskriv intervjupersonane at er at miljø ikkje vert prioritert på samfunnsnivå, dette fortel dei at bidreg til at personleg handling kjennest motlaust ut. Å vere med i sosiale fellesskap som fremjar miljø vert beskrive at kan hjelpe på denne kjensla av motlausheit, samt det å fokusere på eigne mogelegheiter til å handle framfor å fokusere på opplevde barrierar for handling.

Strukturar på systemnivå opplevast av intervjupersonane som er barriere, dette kan tyde på at slike strukturar er eit område der det ligg eit uutnytta potensiale for å fremje miljøengasjement hjå den enkelte. Tiltak på systemnivå som viser at miljøet vert prioritert kan kanskje vere med på å redusere opplevd motlausheit knytt til personleg miljøvennleg handling. Tilgjengelege sosiale fellesskap som er opptekne av miljø utpeikar seg som ei viktig setting for å fremja miljøengasjement. Å sørge for at det er lagt til rette for at born kan få gode opplevingar med naturen i fokus og gje dei mogelegheiter for å utvikle omsut for naturen, dyr og andre menneske, kan spele ei rolle for utvikling av engasjement. Intervjupersonane fremjar viktigheita av kva verdiar vi verdset i samfunnet og korleis det verkar inn på dei, fleire opplev at det som er verdsett i samheldet ikkje foreinleg med det å ta gode val for miljøet. Å sjå nærare på kva verdiar vi lev etter i Noreg i dag og kva implikasjonar dette har for miljø vil kunne vere interessant for vidare utforsking. Verdiar er rettesnorer for korleis vi lev liva våre, kunnskap som kan auke forståinga av kva mål som driv menneske samt om potensielle miljøkonsekvensar av desse måla, kan kanskje bevisstgjere oss om kvar vi er på veg inn i framtida.

## 8 Litteraturliste

- Ajibade, I. & Boateng, G. O. (2021). Predicting why people engage in pro-sustainable behaviors in Portland Oregon: The role of environmental self-identity, personal norm, and socio-demographics. *Journal of Environmental Management*, 289.  
<https://doi.org/10.1016/j.jenvman.2021.112538>
- Ajzen, I. (1985). From Intentions to Actions: A Theory of planned behavior. I J. Kuhl, J. Beckmann. (Red.), *Action control* (s. 11-39). SSSP Springer Series in Social Psychology. [https://doi.org/10.1007/978-3-642-69746-3\\_2](https://doi.org/10.1007/978-3-642-69746-3_2)
- Ajzen, I. (1991). The theory of planned behavior. *Organizational Behavior and Human Decision Process*, 50(2), 179-211. [https://doi.org/10.1016/0749-5978\(91\)90020-T](https://doi.org/10.1016/0749-5978(91)90020-T)
- Alcock, I., White, M. P., Pahl, S., Duarte-Davidson, R., & Fleming, L. E. (2020). Associations between pro-environmental behaviour and neighbourhood nature, nature visit frequency and nature appreciation: Evidence from a nationally representative survey in England. *Environment International*, 136.  
<https://doi.org/10.1016/j.envint.2019.105441>
- Atkinson, R. (1998). *The life story interview*. Sage.
- Braun, V. & Clarke, V. (2020). *Thematic analysis: A practical guide*. Sage.
- Chawla, L. (1998). Significant life experiences revisited: A review of research on sources of environmental sensitivity. *The Journal of Environmental Education*, 29(3), 11–21.  
<https://doi.org/10.1080/00958969809599114>
- Chwialkowska, A., Bhatti, W. A. & Glowik, M. (2020). The influence of cultural values on pro-environmental behavior. *Journal of Cleaner Production*, 268.  
<https://doi.org/10.1016/j.jclepro.2020.122305>

- Collado, S., Evans, G. W. & Sorrel, M. A. (2017). The role of parents and best friends in children's pro-environmentalism: Differences according to age and gender. *Journal of Environmental Psychology*, 54, 27–37. <https://doi.org/10.1016/j.jenvp.2017.09.007>
- Dalen, H. M. & Halvorsen, B. 2011. *Gender differences in environmental related behaviour*. Statistisk sentralbyrå. <https://www.ssb.no/en/befolkning/artikler-og-publikasjoner/gender-differences-in-environmental-related-behaviour>
- de Groot, J. I. M. & Steg, L. (2008). Value orientations to explain beliefs related to environmental significant behavior: How to measure egoistic, altruistic, and biospheric value orientations. *Environment and Behavior*, 40(3), 330–354. <https://doi.org/10.1177/0013916506297831>
- de Groot, J. I. M. & Thøgersen, J. (2012). Values and pro-environmental behaviour. I L. Steg, A. E. van den Berg & J. I. M. de Groot (Red.), *Environmental psychology: History, scope and methods* (s. 141-152). BPS Blackwell.
- DeVillie, N. V., Tomasso, L. P., Stoddard, O. P., Wilt, G. E., Horton, T. H., Wolf, K. L., Brymer, E., Kahn, P. H. & James, P. (2021). Time spent in nature is associated with increased pro-environmental attitudes and behaviors. *International Journal of Environmental Research and Public Health*, 18(14). <https://doi.org/10.3390/ijerph18147498>
- Farjam, M., Nikolaychuk, O. & Bravo, G. (2019). Experimental evidence of an environmental attitude-behavior gap in high-cost situations. *Ecological Economics*, 166. <https://doi.org/10.1016/j.ecolecon.2019.106434>
- FN-sambandet. (2024, 11. april). *Naturmangfold*. <https://fn.no/tema/klima-og-miljoe/naturmangfold>
- Fossland, T. & Thorsen, K. (2010). *Livshistorier i teori og praksis*. Fagbokforlaget.
- Geys, B., Heggedal, T.-R. & Sørensen, R. J. (2021). Popular support for environmental protection: A life-cycle perspective. *British Journal of Political Science*, 51(3), 1348–1355. <https://doi.org/10.1017/S0007123419000607>

- Green, J., Cross, R., Woodall, J. & Tones, K. (2019). *Health promotion, planning and strategies* (4. utg.). Sage.
- Gregersen, T. (2023). *Bekymring for klimaendringer*. Norsk medborgerpanel.  
<https://medborgertrender.netlify.app/notat/Klimabekymring.html>
- Grilli, G. & Curtis, J. (2021). Encouraging pro-environmental behaviours: A review of methods and approaches. *Renewable & Sustainable Energy Reviews*, 135.  
<https://doi.org/10.1016/j.rser.2020.110039>
- Hards, S. (2012). Tales of transformation: The potential of a narrative approach to pro-environmental practices. *Geoforum*, 43(4), 760–771.  
<https://doi.org/10.1016/j.geoforum.2012.01.004>
- Hitlin, S. & Piliavin, J. A. (2004). Values: Reviving a dormant concept. *Annual Review of Sociology*, 30(1), 359–393. <https://doi.org/10.1146/annurev.soc.30.012703.110640>
- Innocenti, M., Santarelli, G., Lombardi, G. S., Ciabini, L., Zjalic, D., Di Russo, M. & Cadeddu, C. (2023). How can climate change anxiety induce both pro-environmental behaviours and eco-paralysis? The mediating role of general self-efficacy. *International Journal of Environmental Research and Public Health*, 20(4).  
<https://doi.org/10.3390/ijerph20043085>
- Johansson, A. (2005). *Narrativ teori och metod*. Studentlitteratur.
- Juvan, E. & Dolnicar, S. (2014). The attitude–behaviour gap in sustainable tourism. *Annals of Tourism Research*, 48, 76–95. <https://doi.org/10.1016/j.annals.2014.05.012>
- Kollmuss, A. & Agyeman, J. (2002). Mind the Gap: Why do people act environmentally and what are the barriers to pro-environmental behavior?, *Environmental Education Research*, 8(3). 239-260. <https://doi.org/10.1080/13504620220145401>
- Leviston, Z., Nanngani, T., Stanley, S. K. & Walker, I. (2024). Consequences of group-based misperceptions of climate concern for efficacy and action. *Current Research in Ecological and Social Psychology*, 6. <https://doi.org/10.1016/j.cresp.2024.100189>

- Li, D., Zhao, L., Ma, S., Shao, S. & Zhang, L. (2019). What influences an individual's pro-environmental behavior? A literature review. *Resources, Conservation and Recycling*, 146, 28–34. <https://doi.org/10.1016/j.resconrec.2019.03.024>
- Liu, J. & Green, R. J. (2024). Children's pro-environmental behaviour: A systematic review of the literature. *Resources, Conservation and Recycling*, 205. <https://doi.org/10.1016/j.resconrec.2024.107524>
- Martin, L., White, M. P., Hunt, A., Richardson, M., Pahl, S. & Burt, J. (2020). Nature contact, nature connectedness and associations with health, wellbeing and pro-environmental behaviours. *Journal of Environmental Psychology*, 68. <https://doi.org/10.1016/j.jenvp.2020.101389>
- Myers, O. E., Jr. & Saunders, C. D. (2002). Animals as links toward developing caring relationships with the natural world. I P. H. Kahn, Jr. & S. R. Kellert (Red.), *Children and nature: Psychological, sociocultural, and evolutionary investigations* (s. 153–178). MIT Press.
- Neumann, C. B. & Neumann, I. B. (2023). *Forskeren i forskningsprosessen* (2. utg.). Cappelen Damm.
- Nutbeam, D. & Muscat, D. (2001). Health promotion glossary 2021. *Health Promotion International*, 36(6), 1578-1598. <https://doi.org/10.1093/heapro/daaa157>
- Riessman, C. L. (2008). *Narrative methods for the human sciences*. Sage.
- Rosa, C. D. & Collado, S. (2019). Experiences in nature and environmental attitudes and behaviors: Setting the ground for future research. *Frontiers in Psychology*, 10. <https://doi.org/10.3389/fpsyg.2019.00763>
- Saari, U. A., Damberg, S., Frömbling, L. & Ringle, C. M. (2021). Sustainable consumption behavior of Europeans: The influence of environmental knowledge and risk perception on environmental concern and behavioral intention. *Ecological Economics*, 189. <https://doi.org/10.1016/j.ecolecon.2021.107155>



- Shipley, N. J. & van Riper, C. J. (2022). Pride and guilt predict pro-environmental behavior: A meta-analysis of correlational and experimental evidence. *Journal of Environmental Psychology*, 79, 1–11. <https://doi.org/10.1016/j.jenvp.2021.101753>
- Sikt. (u.å). *Sjekkliste for utfylling av meldeskjema*. Henta 15. desember 2023 frå <https://sikt.no/sjekkliste-innsending-av-meldeskjema>
- Skilbrei, M.-L. (2019). *Kvalitative metoder: Planlegging, gjennomføring og etisk refleksjon* (1. utg.). Fagbokforlaget.
- Soga, M., Gaston, K. J., Yamaura, Y., Kurisu, K. & Hanaki, K. (2016). Both direct and vicarious experiences of nature affect children's willingness to conserve biodiversity. *International Journal of Environmental Research and Public Health*, 13(6). <https://doi.org/10.3390/ijerph13060529>
- Steg, L. & Nordlund, A. (2012). Models to explain environmental behaviour. I L. Steg, A. E. van den Berg & J. I. M. de Groot (Red.), *Environmental psychology: History, scope and methods* (s. 185-195). BPS Blackwell.
- Steg, L. & Vlek, C. (2009). Encouraging pro-environmental behaviour: An integrative review and research agenda. *Journal of environmental psychology*, 29(3), 309-317. <https://doi.org/10.1016/j.jenvp.2008.10.004>
- Stern, P.C., Dietz, T., Abel, T.D., Guagnano, G.A. & Kalof, L. (1999). A value-belief-norm theory of support for social movements: The case of environmentalism. *Human Ecology Review*, 6, 81-97. <https://www.humanecologyreview.org/pastissues/her62/62sternetal.pdf>
- Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse: En innføring i kvalitative metoder* (5. utg.). Fagbokforlaget.
- Tian, H. & Liu, X. (2022). Pro-environmental behavior research: Theoretical progress and future directions. *International journal of environmental research and public health*, 19(11). <https://doi.org/10.3390/ijerph19116721>

- Tvedt, K. (2019). *FNs naturpanel: Menneskelig aktivitet truer eksistensen til én million arter*. FN-sambandet. <https://fn.no/nyheter/fns-naturpanel-menneskelig-aktivitet-truer-eksistensen-til-en-million-arter>
- Wai Yoong, Bojei, J., Osman, S. & Hashim, N. H. (2018). Perceived self-efficacy and its role in fostering pro-environmental attitude and behaviours. *Asian Journal of Business and Accounting*, 11(2), 151-186. <https://doi.org/10.22452/ajba.vol11no2.5>
- Wallis, H. & Loy, L. S. (2021). What drives pro-environmental activism of young people? A survey study on the fridays for future movement. *Journal of Environmental Psychology*, 74. <https://doi.org/10.1016/j.jenvp.2021.101581>
- Weme, A. V. & Madsen, O. J. (2018). What motivates green living? A qualitative investigation of sustainable life choices. *Human Arenas*, 1(4), 409–430. <https://doi.org/10.1007/s42087-018-0023-9>
- World Health Organization. (1986). *The Ottawa charter for health promotion*. <https://www.who.int/teams/health-promotion/enhanced-wellbeing/first-global-conference>
- Zelenski, J. M. & Desrochers, J. E. (2021). Can positive and self-transcendent emotions promote pro-environmental behavior? *Current Opinion in Psychology*, 42, 31–35. <https://doi.org/10.1016/j.copsyc.2021.02.009>
- Aasen, M., Klemetsen, M., Reed, E. U. & Vatn, A. (2019). *Folk og klima: Nordmenns holdninger til klimaendringer, klimapolitikk og eget ansvar*. (CICERO Rapport 2019:20). Center for international climate and environmental research. <http://hdl.handle.net/11250/2634149>

# Vedlegg

## Vedlegg 1: Intervjuguide

### Intervjuguide

1. Kan du fortelja meg litt om di bakgrunn?
2. Korleis har ditt forhold til miljøet vore i oppvekst og gjennom livet ditt? (Barndom, ungdomstid, ung vaksen, vaksen).
3. Er det nokon spesifikke erfaringar eller hendingar i denne perioden som du opplev har ført til at du har utvikla eit miljøengasjement?
4. Har forholdet ditt til miljøet endra seg når du vart eldre? Korleis såg du på miljøet i denne perioden i livet ditt?
5. Er det nokre spesifikke augneblikk eller situasjonar som har bidrege til å styrke eller endre di haldning til miljøvennleg åtferd?
6. Kva personar har hatt innverknad på di miljøbevisstheit og handlingar? (Jevnaldrande, vener, familie, rollemodellar)
7. Korleis har du opplevd at miljøendringar har påverka deg personleg?
8. Korleis har dine verdiar, interesser eller mål i livet påverka ditt miljøengasjement?
9. Har du delteke i nokon miljøbevisste aktivitetar eller organisasjonar? I så fall, kva erfaringar har du hatt med det?
10. Korleis har du opplevd eventuell støtte eller motstand i samfunnet og hjå dine næraste når det gjeld ditt miljøengasjement?
11. Korleis opplev du at ditt miljøengasjement vert forma av livet du lev i dag?
12. Korleis trur du at di miljøbevisste åtferd vil påverka ditt framtidige liv?
13. Kva er dine draumar eller håp for miljøet og planeten vår? Kva står du forventningsfull over?

## **Invitasjon til å delta i forskingsprosjektet**

### *”Miljøengasjement gjennom livet”*

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt i forbindelse med ei masteroppgåve i samfunn og helse (30 studiepoeng). I dette skrivet gjev vi deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg.

#### **Føremål**

Vi søker å innhente livshistorier og erfaringar frå menneske med engasjement for miljøet. Formålet med studia er å forstå kva opplevingar og erfaringar som har vore med å forma menneske sitt miljøengasjement. Ved å få innsikt i ulike menneske sine historier håpar vi å kunne bidra til auka kunnskap og forståing av korleis vi kan styrke miljøengasjement og inspirera til positiv handling.

#### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Universitetet i Sørøst-Norge ved rettleiar Anne Inga Hilsen ansvarleg for prosjektet. Studia utførast av masterstudent Therese Karoline Holsen.

#### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Vi ønskjer å kome i kontakt med og intervjuje enkeltmenneske som har engasjement for miljøet. Vi søker interesserte intervjupersonar gjennom ulike sosiale mediaplattformer.

#### **Kva inneber det for deg å delta?**

- Det vil gjerast intervju som omhandlar om kva opplevingar og erfaringar gjennom ditt liv som du meiner har vore med å påverka ditt miljøengasjement.
- Intervjua vil vare mellom 1 til 1 og ½ time og vil gjennomførast på den måten som passar best for deg.
- Under intervjua vert det tatt taleopptak og notat.

#### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det

vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine**

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Lagring og oppbevaring vil følgje USN sine retningslinjer.
- Informasjon vil lagrast sikkert i tråd med USN sine anbefalingar samt med passord og kryptering.
- Etter intervjuet vil lydopptak transkriberast til tekst som vil verte anonymisert. Ved prosjektslutt vil opptak slettast.
- Lydopptak og transkribering vil verte gjort gjennom den sikre tenesta «Nettskjema».
- Det er dei ansvarlege for prosjektet masterstudent Therese Karoline Holsen og rettleiar ved USN Anne Inga Hilsen som vil ha tilgang til diskfila.

### **Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Opplysingane blir anonymiserte når prosjektet er avslutta/oppgåva er godkjend, noko som etter planen er 01.08.24. Personopplysningar vil slettast etter prosjektslutt.

### **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?**

Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Universitetet i Sørøst-Norge har personverntenestane ved Sikt – Kunnskapssektorens tenesteleverandør vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Dine rettar**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

### **Kvar kan eg finne ut meir?**

Dersom du har spørsmål til studia, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

- Universitetet i Sørøst-Norge ved Anne Inga Hilsen (rettleiar/prosjektansvarleg), e-post: [Anne.Hilsen@usn.no](mailto:Anne.Hilsen@usn.no)

- Therese Karoline Holsen (masterstudent), e-post: [147572@usn.no](mailto:147572@usn.no)
- Vårt personvernombud: Paal Are Solberg, e-post: [personvernombud@usn.no](mailto:personvernombud@usn.no) eller telefon: 35 57 50 53
- NSD – Norsk senter for forskingsdata, e-post: [personverntjenester@sikt.no](mailto:personverntjenester@sikt.no) eller telefon: 73 98 40 40.

Venleg helsing

Anne Inga Hilsen  
Førsteamanuensis  
Rettleiar  
ved Universitetet i Sørøst-Noreg

Therese Karoline Holsen

---

## Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet «Miljøengasjement gjennom livet» og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)